



Sunnmøre friluftsråd

Stettevegen 73
6260 Skodje

post@friluftsraadet.no

Scan QR-koden og sjå Sunnmøre friluftsråd sin jubileumsfilm 1974-2024



Sunnmøre
friluftsråd



ÅRSRAPPORT 2024



Layout: Hilde Ellingsæter /Sunnmøre friluftsråd. Oppslag: 130.

Friluftsliv for helse, miljø og trivsel

friluftsraadet.no

50 år
1974-2024



Strategisamling i Honndalen januar 2024. Fin tur til dagsturhytta på Nakkebruna! Bak f.v. Inger Bakke, Anne Berit Støyva Emblem, Christian Ødegaard, Hilde Ellingsæter, Linda Bakken, Torgeir Sund, Randi Kjærstad Hagerup, Malin Terese Fiksdal og Christer Lundberg Nes. Pål Henry Høyberg og Malin Y. Giske manglar. Foto: Kristine Sofie Orheim Hansen, frivilligkoordinator i Volda kommune.

Om Sunnmøre friluftsråd

Sunnmøre friluftsråd er eitt av 29 friluftsråd i Norge og er ein del av Friluftsrådenes Landsforbund (FL). Vi vart oppretta i 1974, den gongen som Friluftsrådet for Ålesund og omland, og skifta namn til Sunnmøre friluftsråd i 2015. I 2024 er vi 50 år!

Vi er eit interkommunalt oppgåvefellesskap (KO) etter kommunelova med ei eiga samarbeidsavtale for fellesskapet. Dei 15 eigarkommunane i friluftsrådet er: Fjord, Giske, Haram, Hareid, Herøy, Sande, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vestnes, Volda, Vanylven, Ørsta og Ålesund. Vi dekker om lag 158.000 innbyggjarar.

Friluftsrådet arbeider for eit naturvennleg, berekraftig og lite utstyrskrevjande friluftsliv for alle. Folkehelse er fundamentet i alt vi gjer. Vi skal, i samarbeid med deltakarkommunane, andre offentlege styresmakter,

organisasjonar og frivillige, fremje allsidig og miljøvennleg friluftsliv i regionen. Vi skal stimulere til friluftsliv til beste for trivsel og helse for alle og skape større forståing for nytten av friluftsliv.

- Administrasjonen i friluftsrådet skal fungere som kompetansesenter for friluftsliv for deltakarkommunane og andre samarbeidspartar, samt vere ein pådrivar og høyringsinstans i viktige saker for friluftslivet.
- Friluftsrådet skal legge til rette for fysisk aktivitet.
- Friluftsrådet skal arbeide med sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområde av ulike slag.
- Gjennom Skjergardstenesta Møre og Romsdal skal friluftsrådet gjere sjøbaserte friluftslivsområde attraktive og tilgjengelege.
- Friluftsrådet skal jobbe for ei reinare fjøre. Vi koordinerer og legg til rette for frivillig og profesjonelt arbeid mot marin forsøpling.

Framsidebilde er frå Byparken i Ålesund 17. august, der vi feira 50-årsjubileum med lavvoar og mykje aktivitet. Alle bilde i rapporten som ikkje er merka med fotografnamn tilhører Sunnmøre friluftsråd.

Innhald

Styreleiar har ordet	4-5
Styret og representantskapet 2024	6-9
50-årsjubileum	10-12
Samarbeid med DNT Sunnmøre	13
HMS-arbeid	13
Utleige av to færinger	13
Lån av friluftsutstyr	13
Administrasjonen	14-15
Aktivitsarbeid i skule og barnehage	16-21
Kajakk i skulen/kajakknettverket	16-17
«Slå på ringen»/leikepatruljen	18-19
Innvandrarprosjektet «Naturen som eg er ein del av»	20-21
Aktivitsarbeid i fritida	22-27
Naturmøteplassen	22-23
Padlefestival UNG	24
Utandørs livredningsprøve	25
Friluftsskular	26
Friluftsliv i SFO, Vinterferieleir, Urørt	27
StikkUT! - og andre turrutebasar	28-32
Stikk UT! 2024	28-31
Prosjekt i regi av fylket	33-35
Friluftslivets ferdsselsårer – kommunale planar	33
Friluftsparameterer - Nytt prosjekt 2024	34-35
Sikring og tilrettelegging av friluftsområde	36-37
Statleg sikring og forvaltningsplanar	36
Skjøtsel og drift gjennom året	35
Kontor, verkstad, lager og driftsutstyr	37
Rydding av marin forsøpling	38-42
Marin forsøpling 2024	38-40
Prosjekt Grytafjorden	38-39
Miljøprisen 2024	42
Friluftslivets bærekraftsplakat	43
Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal	44-47
Medieomtale	48-51
Økonomi og rekneskap	52-54
Vedlegg til årsrapporten	55-58
Statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane	55
Oversikt eigedelar i Sunnmøre friluftsråd (KO)	56
Gjeldande samarbeidsavtale for Sunnmøre friluftsråd (KO)	57-59
50 år med sprek utvikling	60-63

Styreleiar har ordet

Denne årsrapporten viser stor aktivitet og eit breitt spekter av tiltak. Det er imponerande!

I 2024 fylte friluftsrådet 50 år, og dette vart markert med foredrag, aktivitetar, jubileumsfilm og -fest.

Med godt og vel 900.000 registrerte turar i sommarsesongen 2024 opprettheld Stikk UT! posisjonen som det fremste folkehelsetiltaket i fylket. Om lag 15 prosent av innbyggjarane i fylket deltok. Det er kjekt å sjå den store interessa.

Driftsarbeidet, skjergardstenesta og arbeidet mot marin forsøpling har hatt større aktivitet med mange frivillege involvert. Friluftsrådet fekk også Møre og Romsdal fylkeskommune sin miljøpris for arbeidet for ei reinare fjøre. Dette var stas å motta og ei fin anerkjenning for arbeidet vi gjer på området!

Framfor alt kan vi summere opp at året 2024 til fulle har vist kor viktig friluftslivet og tilboda frå friluftsrådet er for trivel og helse til befolkninga.



Styreleiar Eva Hove

Målt etter omsetning og tal på tilsette, er Sunnmøre friluftsråd (KO) eit av dei største friluftsråda i landet. Vi er eitt av få som arbeider med heile spekteret, frå rådgjeving til kommunane, kurs og aktivitetar i friluftsliv for alle målgrupper, tilrettelegging, drift og skjøtsel av friluftslivsområde, marin forsøpling og skjergardsteneste.



Fem av dei tidlegare styreleiarane og daglege leiarane i Sunnmøre friluftsråd som har sett spor etter seg og som har bidrøye inn i arbeidet med å dokumentere historia. F.v. Arne Tunheim, Mar Britt Haukås, Eva Hove (dagens styreleiar), Magnhild Vatne, Per Sortehaug og Ove Kalvatn.

Takk!

Mange fortener stor takk for innsatsen:

- Kommunane som legg til rette for friluftsliv
- Økonomiske støttespelarar som bidreg til at Sunnmøre friluftsråd kan gjere jobben: Kontingent frå medlemskommunane, Miljødirektoratet, Møre og Romsdal Fylkeskommune, Handelens Miljøfond, Sparebanken Møre, Gjensidigestiftelsen, Ørskog Sparebank, Wattn med fleire.
- Dei mange frivillege som stiller til dugnad i ulike samanhengar.
- Styremedlemmene
- Alle medarbeidarar som med iver og ansvar sørger for prosjektnintekter og gjennomføring
- Takk til samarbeidspartnerar i ulike prosjekt: Høgskulen i Volda, Skattekammeret Ålesund, Røde Kors, Statens Naturoppsyn, frivillig-sentralar, Plastfritt Hav, Plastpiratene, TAVAHA, vaksenopplæringa, Statsforvaltaren, Møre og Romsdal fylkeskommune med fleire.

Medlemskontingent kommunane i 2024

Kommune	Innbyggartal	Medlemskontingent
Ålesund	58 239	1 203 218
Haram	9 353	193 233
Fjord	2 502	51 691
Giske	8 684	179 411
Hareid	5 262	108 713
Herøy	8 923	184 349
Sande	2 447	50 555
Stranda	4 365	90 181
Sula	9 697	200 340
Sykylven	7 599	156 995
Ulstein	8 872	183 296
Vanylven	3 011	62 207
Vestnes	7 120	147 099
Volda	11 029	227 859
Ørsta	10 957	226 372
SUM	158 06	3 265 520

Medlemskontingeneten 2024 var på 20,66 kr pr innb.

Styret 2024

Fjord	Eva Hove leiar
Ulstein	Berit Sandvik Skeide nestleiar
Giske	Jan Ove Skodje styremedlem
Haram	Guttorm Kjerstad styremedlem
Hareid	Annika Brandal styremedlem
Herøy	Linn-Therese Hansen Sævik styremedlem
Sande	Sindre Slettestøl styremedlem
Stranda	Bodil Tronstad Lie styremedlem
Sula	Nils Erik Bjørkavåg styremedlem
Sykylven	Sveinung Vemøy styremedlem
Vanylven	John Willy Klungre styremedlem
Vestnes	Jon Kåre Osdal styremedlem
Volda	Annlaug Stokke styremedlem
Ørsta	Bente Iren Flåvik Bjørndal styremedlem
Ålesund	Thea Elise Vestre Aasen styremedlem
Ålesund	Ole Grebstad styremedlem
Sunnmøre friluftsråd	Christer Lundberg Nes tilsette sin representant

Styret og representantskapet 2024

Styremedlemmar 2024

Kommune	1.1.2024 - 3.4.2024	Verv	3.4.-31.12 2024
Fjord	Eva Hove Andreas Håvoll	Styreleiar Vara	Eva Hove Almar Bonsaksen Remme
Ulstein	Berit Sandvik Skeide Magnar Taklo	Nestleiar Vara	Berit Sandvik Skeide Stig Ole Borgundvåg
Giske	Jan Ove Skodje Louise Kristin Haahjem	Styremedlem Vara	Jan Ove Skodje Kjersti Valderhaug Bakke
Haram		Styremedlem vara	Guttorm Andreas Kjerstad Kathrine Pernille Beite
Hareid	Annika Brandal Bernhard Harkjerr	styremedlem vara	Annika Brandal Bernhard Harkjerr
Herøy	Linn-Therese Hansen Sævik Sigurd Nygard	Styremedlem Vara	Linn-Therese Hansen Sævik Sigurd Nygard
Sande	Sindre Slettestøl Anders Bringsvor	Styremedlem Vara	Sindre Slettestøl Sara Fugledal Wiik
Stranda	Jan Håkon Vikane Bodil Trondstad Lie	Styremedlem Vara	Bodil Tronstad Lie Thomas Roset
Sula	Nils Erik Bjørkavåg Karoline Antonie Slinning	Styremedlem Vara	Nils Erik Bjørkavåg Karoline Antonie Slinning
Sykylven	Trond Bonesmo Eva Eline Tandstad	Styremedlem Vara	Sveinung Vemøy Eva Eline Tandstad
Vanylven	John Willy Klungre Lilli Ann Bakkebø	Styremedlem Vara	John Willy Klungre Njål Sivertstøl
Vestnes	Jon Kåre Osdal Sissel Vik Vesseli	Styremedlem Vara	Jon Kåre Osdal Sissel Vik Vesseli
Volda	Ola Einang Annlaug Sunde Stokke	Styremedlem Vara	Annlaug Stokke Stig Helland
Ørsta	Karen Høydal Stein Aam	Styremedlem Vara	Bente Iren Flåvik Bjørndal Marita Aklestad
Ålesund	Jarle Hauge Steffensen Anders Lindbeck Janet Roelofs Nora G. Morken Farstad Thea Elise Vestre Aasen Ewa Hildre	Styremedlem Vara Styremedlem Vara Styremedlem Vara Styremedlem Vara	Ole Grebstad Unni Kristin Wiik Thea Elise Vestre Aasen Thor Erik Aag
Tilsettrepr.	Christer Lundberg Nes Hilde Ellingsæter	Styremedlem Vara	Christer Lundberg Nes Hilde Ellingsæter

Etter representantskapsmøtet 3. april 2024 bestod arbeidsutvalet av styreleiar Eva Hove, nestleiar Berit Sandvik Skeide og Jon Kåre Osdal. Tilsettrepresentant frå Sunnmøre friluftsråd (KO) har møte- og talerett i styret, jamfør samarbeidsavtalen.



Handsaming av styresaker i 2024

Styret har hatt fire styremøte gjennom året, samt tre møter i arbeidsutvalet og tre møter i planleggingsgruppe for 50-årsjubileumet. I alt har styret handsama 33 saker, til dømes:

- Rekneskap, budsjett, årsrapport og treårig handlingsplan m/arbeidsplan 2024.
- I kvart styremøte har det også vore orienteringar om status økonomi, innvilga/avslatte søknader, generell framdrift og orientering om interne forhold (personal, lønnsforhandling, HMS, kontor/lager)
- Friluftslivets ferdelsårer, kartleggingsprosjekt i kommunane

- Marin forsøpling: Ryddeprosjekt marin forsøpling 2024 og 2025, bl.a. rydding av Grytafjorden
- Evaluering av StikkUT!-sesongen og etablering av Stikk UT! Norge-prosjektet
- Markering av 50-årsjubileumet for Sunnmøre friluftsråd 2024, film, arrangement og økonomisk støtte
- Markering av Friluftslivets år 2025, arrangement og økonomisk støtte
- Friluftsbarmometer for kommunane i Møre og Romsdal
- Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal: Førebuing kjøp av ny arbeidsbåt og fornying av samarbeidsavtalen 2025-2029.



Styreleiar Eva Hove (til venstre) takkar av fem styremedlemmar etter mange år i styret (frå venstre): Karen Høydal (Ørsta), Jarle Hauge Steffensen (Ålesund), Janet Roelofs (Ålesund) og Trond Bonesmo (Sykkylven) og Ola Einang (Volda). Biletet er frå representantskapsmøtet i Vestnes 3. april 2024.

Representantskapsmøtet 2024

Sunnmøre friluftsråd er organisert etter kommunelova som eit kommunalt oppgåvefellesskap (KO). Øvste organ er representantskapet (eitt møte i året) med to representantar frå kvar av deltakarkommunane.

Representantskapsmøtet for 2024 vart halde 3. april på Myra kulturbrygg i Vestnes. Før representantskapsmøtet var det omvising i det store friluftsområdet Kråkvika ved Vestnes sentrum. Der sørga Emil Balstad (einingsleiar tekniske tenester Vestnes kommune) og Per Ottar Bjørdalsbakke (Kråkvikas Venner) for omvising og orientering om arbeidet med opparbeiding, drift og bruk av friluftsområdet. Tilbake i møtelokalet ønska ordførar Randi Bergundhaugen representantskapet velkomne til Vestnes, og orienterte om kommunen og friluftsarbeidet deira. Før sjølve representantskapsmøtet starta, vart dei tilsette i staben i Sunnmøre friluftsråd presentert. Dei orienterte om dei ulike fagområda og prosjekta som dei jobba med ut mot kommunane. Det vart også orientert om 50-årsjubileet til friluftsrådet 2024.

Representantskapet handsama vanlege årsmøtesaker, og valde deretter nytt styre etter innstilling frå kvar kommune. Fem av styremedlemmar vart takka av etter mange år i styret: Karen Høydal (Ørsta), Ola Einang (Volda), Jarle Hauge Steffensen (Ålesund), Janet Roelofs (Ålesund) og Trond Bonesmo (Sykkylven). Desse vart innvalde som nye styremedlemmar:

Bente Iren Flåvik Bjørndal (Ørsta), Annlaug Sunde



Per Ottar Bjørdalsbakke (t.h.) og Poul Erik Jensen (blå topphue) i Kråkvikas venner stod for omvisninga.

Stokke (Volda), Ole Grebstad (Ålesund), Guttorm Kjerstad (Haram, ny etter kommunedeling) og Sveinung Vemøy (Sykkylven). Øvrige styremedlemmar som var på val vart gjenvalde. Også styreleiar Eva Hove og nestleiar Berit Sandvik Skeide vart gjenvalde.



Foto frå rep. skapsmøtet 2024 befaring i Kråkvika på Vestnes.

Møte, representasjonsoppgåver og anna

Gjennom heile året er friluftsrådet vanlegvis med på ei rad møter, kurs, synfaringar m.m. i samband med arbeidet vårt. Dette gjeld både lokalt i medlemskommunane, på fylkesnivå og nasjonalt.

I tillegg blir både dagleg leiar og andre av dei tilsette ofte inviterte til å halde foredrag i ulike fora og fortelje om arbeidet til friluftsrådet, mellom anna ved Høgskulen i Volda. Fylkeskommunen er ein viktig samarbeidspartner/oppdragsgiver på prosjekt som Friluftslivets ferdsselsårer. Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal (FNR) er ein viktig samarbeidspartner særleg når det gjeld Stikk UT!, men også på fleire andre område. Sunnmøre friluftsråd er medlem i Friluftsrådenes Landsforbund (FL), Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal (FNF) og Nettverk marin forsøpling Møre og Romsdal.

Vi har delteke på leiarsamling for friluftsråda i Oslo i februar, Hold Norge Rent-konferansen, Fylkeskulturkonferansen i Molde, friluftskonferanse i Oslo i juni, tilsettessamling for friluftsråda i Langesund i september.

I starten av året hadde vi besøk av styreleiar Tom Tvedt og dagleg leiar i Friluftsrådenes Landsforbund Paul Waler.

Tom Tvedt, styreleiar i Friluftsrådenes Landsforbund (midten) i samtale med Torgeir Sund, leiar for Skjærgårdstjenesten i Møre og Romsdal. T.v. Eva Hove, styreleiar i SF



I januar fekk Sunnmøre friluftsråd (SF) hyggeleg besøk frå Friluftsrådenes Lanfsforbund (FL). Her er styreleiar i FL Tom Tvedt (t.v) og i samtale med Randi Kjærstad Hagerup og Malin Y. Giske. Paul Waaler (dagleg leiar i FL).



SF sine deltakarar på Friluftskonferansen i Oslo 2024. F.v. Eva Hove, Hilde Ellingsæter, Malin Therese Fiksdal, Christer Lundberg Nes og Anne Berit Støyva Emblem.

50-årsjubileum

I 2024 vart Sunnmøre friluftsråd 50 år. Sjølve jubileet vart markert Ålesund 17. august over ein heil dag, medan det gjennom året har vore ulike markeringar rundt om i kommunane og det har blitt lage ein film som syner friluftsrådet sitt arbeid frå start til notid.

50 år er ein formidabel alder for et friluftsråd. Sunnmøre friluftsråd blei stifta i Ålesund i 1974 under namnet Friluftsrådet for Ålesundregionen og Vestnes.

Gjennom året har Sunnmøre friluftsråd markert jubileet på fleire vis. I kvar enkelt kommune har det vore eigne markeringar. I tillegg var alle 15 medlemskommunane representert under storstilt feiring i Byparken og Parken kulturhus i Ålesund. Meir enn 250 små og store tok del i ei tredelt markering som ga eit godt innblikk i kva friluftsrådet driv med.

Aktivitetar i Byparken

Trass i vekslande vær og fleire andre arrangement i byen, tok mange turen innom lavvoane i Byparken. Her presenterte tilsette i friluftsrådet smakebitar på kva friluftsråd driv med.

Friluftsrådet sine velkjente Stikk UT!-skilt gjekk som ei raud løype gjennom Byparken. Friluftsrådet lanserte SikkUT! i 2015 og det er no det største folkehelsetiltalet i Møre og Romsdal. Første post på løypa var fokus på friluftsrådet sitt breie aktivitetsarbeid. Små og store fekk hoppe tau, gå på stylter og prøvesitte i kajakkar.

Ved Bydammen fekk ein møte marin forsøpling som hadde lavvoen full av søppel frå strender og kunnskap om havet, leia vidare til båtbyggeprosjekt i regi av Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal. Her fekk unge



Per Sortehaug var den første styreleia i friluftsrådet. Han vart intervjua av Anne Berit Støyva Emblem under jubileumsmiddagen.

ingeniørar komponere og snekra sin eigen båt ved hjelp av trebitar og fargerike funn frå havet.

Fagseminar friluftsliv

Inne i foajeen på Parken kulturhus var det eit utval fagseminar under leiing av styreleiar Eva Hove. Her fekk ein høyre friluftsrådet si historie med skråblikk frå Inger Bakke, som sjølv driv fleire prosjekt i friluftsrådet.

Helga Synnevåg Løvoll, professor i friluftsliv ved Høgskulen i Volda, drøfta samanhengen mellom friluftsliv og folkehelse medan Anita Sundnes fra Ulstein kommune snakka om kommunane sitt



Blide og fornøgte tilsette etter at jubileumsfeiringa var over. Bak. f.v. Pål Henry Høyberg, Christer Lundberg Nes, Torgeir Sund, og Christian Ødegaard. Framme f.v. Randi Kjærstad hagerup, Anne Berit Støyva Emblem, Hilde Ellingsæter og Linda Bakken

arbeid med plan for «Friluftslivets ferdelsårer». Samfunnsdebattant Tom Dybwad heldt foredraget «Tilrettelegging for friluftsliv – til glede eller forargelse» - knivsegga mellom god eller dårleg tilrettelegging, og Randi Kjærstad Hagerup fortalte om sitt engasjement for rydding av marin forsøpling.

Jubileumsfilm

Laurdag kveld var det duka for festmiddag i foajeen på Parken under leiing av nestleiar i styret for friluftsrådet, Berit Sandvik Skeide

Her deltok inviterte gjester frå alle dei 15 medlemskommunane, samt representantar frå Friluftsrådenes landsforbund og andre friluftsråd. Sunnmøre friluftsråd hadde gleda av å ha mange tidlegare styreleiarar og dagleg leiarar frå friluftsrådet med på festmiddagen. Nokre av dei var intervjua i Sunnmøre friluftsråd sin jubileumsfilm, som hadde premiere denne dagen.

Denne filmen skal bli pensum for kommunestyret i min kommune, sa ein av fleire ordførarar som heldt takketalar til friluftsrådet under festmiddagen.



Randi Kjærstad Hagerup (t.v.) og Malin Therese Fiksdal inne i lavven som marin forsøpling hadde i Byparken. Her var det utstilling og informasjon om arbeidet deira.



Gode kollegaer frå Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal på besøk i Stikk UT!-lavvoen.



Takk til blide og hyggelege damer frå Ørskog Sparebank stilte på utearrangementet saman med oss.



Det vart mange helsingar og gode ord under jubileumsmiddagen. Her er det Bjarte Engevik i Fjordane friluftsråd som overrekker gave til konferansier Berit Sandvik Skeide

Ørskog Sparebank var saman med Miljødirektoratet viktige økonomiske bidragsyterar til gjennomføringa.

Rikhaldig historie

Sunnmøre friluftsråd har ei rikhaldig historie å sjå tilbake på. Det heile starta med ei amerikansk dame som ville selje eigedommen sin på Svinøya i Ellingsøyfjorden. Ålesund Øst Rotaryklubb ønska å kjøpe eigendommen for å nytte den til aktivitetar for unge, men det hadde dei ikkje råd til. Fritjof Espeseth i rotaryklubben hadde hørt om friluftsråd i Oslo og Bergen som fekk statlege midlar til slike prosjekt. Det var kimen til at han kalla inn til eit møte for å danne eit friluftsråd.

I 1974 vart «Friluftsrådet for Ålesundregionen og Vestnes» danna i Ålesund. Friluftsrådet gjekk gjennom fleire namneendringar fram mot «Sunnmøre friluftsråd» i 2016. Vestnes og alle kommunane på Sunnmøre var med frå 2022.

Sikring av areal

Friluftsrådet si største satsing dei første 20 åra var å få til Statleg sikring av friluftsområde. Styreleiar Per Sortehaug i friluftsrådet overtydde Miljødirektoratet til å kjøpe Storholmen ved Langevåg frå OA Devold og sønner. For 4-5 kroner kvadratmeteren vart dette eit døme på eit av mange bynære og populære friluftsområde. Eit anna døme var Stafsethneset i Ålesund. Friluftsrådet sørga for skjøtsel og etter kvart tilrette-



Årenkutekoret Fistelsprekken stod for det musikalske innslaget, mellom anna med humoristisk stev om Stikk UT!

legging med brygger, toalett og anna. Mykje vart gjort på frivillig basis og i samarbeid med mellom anna Rotaryklubar som kappast om å slå godt og effektivt med langovr.

Auka aktivitet

Magnhild Vatne frå Ålesund vart tilsett som friluftsrådets første daglege leiar i 1992. I 1994 var friluftsrådet det første i landet som tilsette ein aktivitetsleiar. Christer Lundberg Nes auka fokuset på kurs og tilbod inn mot skule, barnehagar, barn og unge.

Fra 2015 gjorde friluftsrådet mange kvantesprang. Deltaking i Stikk UT! skaut rett til vers. Samtidig oppretta friluftsrådet Naturmøteplassen med kaffitreff til faste tidspunkt i fleire medlemskommunar. Livbergingskurs og kajakk vart stadig meir populært. Alle medlemskommunar vart med i leihekprosjektet «Slå på ringen», medan nokre nyttar seg av samarbeid mellom vaksenopplæringa og friluftsrådet for å introdusere nærvær til innvandrarar.

Eit omfattande forarbeid i etableringa av Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal, resulterte i 2028 som eit spleislag mellom fylkeskommunen, staten og dei to friluftsråda i fylket.

Skjærgårdstjenesten driv tilrettelegging av sjønære friluftsområde og bistår i innsamling av marin forsøpling.

Marin forsøpling har dei siste fem åra blitt ei betydeleg satsing for friluftsrådet med rydding av store strandareal, ofte saman med frivillige.



Fire Stikk UT!-entusiastar vart intervjuata av noverande styreleiar i friluftsrådet, Eva Hove, om kva turtrimmen betyr for dei. F.v. Per Egil Røshol, Ragnhildur Hreidarsdottir, Marit og Odd Jostein Drotningshaug.

Samarbeid med DNT

På slutten av året inngjekk vi samarbeid med DNT Sunnmøre om fleire prosjekt i Friluftslivets år 2025. Her fekk vi også med oss Sparebank1 SMN som økonomisk bidragsytar. Samarbeidsprosjekta er «Hele Norge båler», biblioteksforedrag i alle kommunar på Sunnmøre og «Hele Norge sammen på tur», den 10. oktober komande år.



Planleggingsmøte hos DNT i Kongens gate. F.v Anne Berit Støyva Emblem og Hilde Ellingsæter frå SF, og Linda Flem (dagleg leiar) og Lasse Hoel frå DNT Sunnmøre.

HMS-arbeid

På seinhausten 2024 starta friluftsrådet og Skjærgårdstjenesten i Møre og Romsdal opp med arbeid retta mot HMS og betre kvalitetsstyringssystem.

Lasse Lund frå Fjordane friluftsråd, som har arbeidd mykje med dette i både Fjordane og andre organisasjonar, vart hyra inn som rettleiar.



Lasse Lund frå Fjordane friluftsråd (midten) har gitt gode råd om HMS-arbeid. Her saman med Torgeir Sund (t.v.) og Christian Ødegaard, Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal..

Utleige av færinger

Sunnmøre friluftsråd eig to færinger for utleige til privatpersonar, lag og foreiningar. «Leia» og «Linge» blir stelt og haldne ved like av Sunnmøre Kystlag. Dei ligg ved kai ved Sunnmøre Museum, som administrerer og får inntektene frå utleiga. «Linge» har plass til 4 personar og kostar berre kr 150 å leige ein dag. Med overnatting og lavvo blir prisen kr 350. Same prisane gjeld for «Leia», som har plass til seks personar.



Lån av friluftsutstyr

Friluftsrådet har mykje utstyr til gratis utlån til friluftslivsorganisasjonar, skular og barnehagar.

På slutten av året fekk vi laga ei «utlånsbod» under trappa til kontora våre på Digerneset der lånetakar no kan hente og sette frå seg utstyr på ein fleksibel måte der utstyret står trygt og tørt under tak og veggar.

Litt statistikk frå utlån i 2024

Lavvo: 111 barn og 25 vaksne har hatt ei eller fleire netter i lavvo

Kajakk: ca 200 ungdomsskule elevar og 290 barne-skuleelvar har lånt kajakk til undervisning

Diskgolf: ca 130 ungdomsskuleelvar har lånt diskgolf ein eller fleire dagar

Truger: Ca 30 ungdomsskuleelevar har lånt truger i ein eller fleire dagar



«Utlånsboda» under trappa til kontoret på Digerneset.

Administrasjonen

Tilsette

Per 31.12.23 har friluftsrådet 10 faste tilsette som utgjer 9,1 årsverk, samt ein midlertidig tilsett 0,8 årsverk. Kvinneandelen faste tilsette er 60 prosent.

Gjennom året har friluftsrådet også hatt omlag 20 tilkallingshjelper/timelønte som til saman utgjorde om lag to årsverk (innleidde som instruktørar og medhjelparar i driftsarbeidet, friluftsskulane, Leikepatruljen og ulike friluftslivsarrangement).

Endringar i staben i 2024: Linda Bakken er i midlertidig prosjektstilling 0,8 årsverk.

Kontaktinfo friluftsrådet

E-post: post@friluftsraadet.no

Org.nr.: 971 369 205

Vipps: 513199

Faktura: EHF 971369205 eller faktura@friluftsraadet.no

Post- og besøksadresse: Sunnmøre friluftsråd, Stettevegen 73, 6260 Skodje (ved Digernes)

**Anne Berit Støyva Emblem**

Dagleg leiar
M: 908 15 035
E: anne.emblem@friluftsraadet.no

**Christer Lundberg Nes**

Fagleiar Aktivitet
Kurs og opplæring for skular og bhg.
Fritidstilbod for barn og unge
M: 912 46 400
E: christer@friluftsraadet.no

**Hilde Ellingsæter**

Prosjektleiar
Stikk UT!, Naturmøteplass m.m
M: 977 09 653
E: hilde@friluftsraadet.no

**Inger Bakke**

Prosjektleiar (80 %)
Slå på ringen, Friluftsaktivitet innvandrarar
M: 482 18 981
E: inger@friluftsraadet.no

**Malin Therese Fiksdal**

Fagleiar Marin forsøpling
M: 482 31 905
E: malin.fiksdal@friluftsraadet.no

**Torgeir Lausund Sund**

Leiar Skjærgårdstjenesten
Møre og Romsdal
M: 900 46 092
E: torgeir@friluftsraadet.no

**Christian Ødegaard**

Medarbeidar Skjærgårdstjenesten
Møre og Romsdal
M: 457 66 666
E: christian@friluftsraadet.no

**Pål Henry Høyberg**

Driftsleiar anlegg land (50 %)
(delvis permisjon)
M: 468 95 705
E: paal@friluftsraadet.no

**Malin Y. Giske**

Bistår på tvers av prosjekta
M: 959 353 74
E: malin@friluftsraadet.no

**Randi Kjærstad Hagerup**

Prosjektkoordinator Marin forsøpling (80 %)
M: 468 08 487
E: randi@friluftsraadet.no

**Linda Bakken**

Prosjektstilling (80 %)
Marin forsøpling (midlertidig)
M: 915 70 054
E: linda@friluftsraadet.no

Aktivitetsarbeid i skule og barnehage

Kajakk i skulen/kajakknettverket

Så vidt vi kjenner til er dette den største målretta satsinga på kajakk og kystfriluftsliv i skulen i Noreg. 22 skular og 110 lærarar er med i dette nettverket om meir og betre kajakkundervisning i skulen.

Prosjektmål

- Prosjektet skal kvalitetssikre kunnskap og ferdigheter til kvar einskild lærarar gjennom å utdanne lærarane til aktivitetsleiarar i padleforbundet
- Prosjektet skal trygge eit fagleg miljø i kvar einskild skule gjennom at fleire lærar i kvar skule deltek i prosjektet
- Prosjektet skal stimulere til samarbeid, erfaringssdeling og fagleg utviklingsarbeid gjennom nettverksarbeid mellom fleire skular
- Kvar skule skal innføre kajakkundervisning i lokal læreplan for relevante klassetrinn

Undervisning

Ca 200 elevar i ungdomsskulen og 290 elevar i barne-skulen har fått kajakkundervisning med eigne lærarar i

Gjennomført aktivitet for 2024:

- Grunnkurs: 1 kurs med 6 nye lærarar
- Teknikkurs: 3 kurs for 25 lærarar
- Aktivitetsleiarkurs: 1 kurs for 5 lærarar
- Fagdag for 13 lærarar på fagdag på Atlanterhavsparken med kurs i disseking av fisk og mat på bål
- 1 utandørs livredningskurs. I tillegg har vi gjennomført eit forkurs aktivitetsleiar og bassengtrening.

2024 som direkte resultat av denne satsinga på kompetanse til lærarane i kombinasjon med utlån av utstyr frå friluftsrådet.

Godkjende aktivitetsleiarar

Per 31.12.2024 er 18 lærarar blitt godkjende som aktivitetsleiarar i våtkortstigen til padleforbundet gjennom prosjektet!



Teknikkurs. Foto: Dag S. Roland.



Teknikkurs. Foto: Christer Lundberg Nes.




Grunnkurs 2024. Alle bilder på denne siden er tatt av Christer Lundberg Nes, Sunnmøre friluftsråd.



Fagdag Atlanterhavsparken 2024.



Aktivitetsleiarkurs 2024.



Fagdag Atlanterhavsparken 2024.

«Slå på ringen»/leikepatruljen

Tal for 2024:

- 33 arrangement for elevar med 1795 deltagarar - Leikepatruljen
- 6 kurs for vaksne i barneskulen med 245 deltagarar - Prøvekaninane



Inger Bakke er engasjert instruktør.

Sunnmøre friluftsråd driv prosjektet «Slå på ringen» – utelek for betre folkehelse, som famnar om alle barneskulane på Sunnmøre på sjette året.

Målsetjing

- Skape kunnskap, medvit og begeistring for meir variert utelek på barneskulane på Sunnmøre
- Utvikle tett samarbeid med den einskilde skule for å gje dei best mogleg oppfølging.
- Bidra til større medvit om rørsleferdigheiter
- Utvikle eit tett samarbeid med kommunane både fagleg og organisatorisk

Slå på ringen er Sunnmøre friluftsråd sitt aktivitetstilbod i utelek og rørsle til alle barneskulane i medlemskommunane våre. Prosjektet består av tilbod om



HI HA HO-leiken.

leikekurs for elevar i barneskulane, tilbod om verkstad til alle tilsette på kvar skule. Prøvekaninane, og produksjon av filmar med leikar som ligg ope for alle på Youtube på adressa: Sunnmøre friluftsråd

Arbeidet med Slå på ringen der utelek og rørsle i skulen er i fokus er eit fast tilbod til alle barneskulane i SF sine medlemskommunar. 2024 var vårt 5. driftsår og det er no 55 skular som nyttar seg av tilboden. Skulane får tilbod om kurs kvar vår og kvar haust. Dette er eit unikt arbeid som vi er aleine om i landet. Gjennom dette prosjektet har vi utvikla ei kontakt med kvar einskild skule og vi føljer utviklinga av uteleiken og rørsleferdigheitene blant barn tett.

I 2024 gjennomførte vi totalt 44 kurs med tilsaman 2040 deltagarar fordelt på våre medlemskommunar

med unntak av Herøy og Vanylven. Desse vil ha prioritert i 2025.

Vi tilpassar kvart einaste kurs til den einskilde kommunen og har tett dialog med dei tilsette som følger elevane for å tilby rørsleøvingar og uteleikar som passar deira elevar og skulegård.

Det er eit stort og viktig arbeid som leggjast ned i dette prosjektet som gir oss eit eineståande innblikk i korleis det står til med rørsleferdigheitene og leikekompetansen i vårt fylke.

Kursa koordinerast av ein koordinator i kvar kommune. Dette er eit viktig bindeledd mellom SF og skulane og sikrar at kommunane er informert og involvert i prosjektet. Koordinatoren organiserer og nettverksmøter mellom SF og skulane i sin kommune. Her



Skjermdump av ein av dei totalt 34 leikane som er produsert av Sunnmøre friluftsråd og som er tilgjengeleg for alle på Youtube.



Inger Bakke (t.h) i samtale med kunnskapsminister Kari Nessa Nordtun, 30 april, om viktig utelek i skulane.

blir det utveksla informasjon og erfaringar som er særsviktige for både SF, kommunane og den einskilde skule.

Inger Bakke er prosjektleiar for Slå på ringen.

Saman med henne blir det leid inn medinstruktørar ved behov. Prosjektet vart i 2024 drive med midlar frå Gjensidigestiftelsen.

Sunnmøre friluftsråd takkar Gjensidigestiftelsen og Sparebanken Møre for støtta til utelek-prosjektet Slå på ringen i 2024.

Prosjektet har fått godt fotfeste i grunnskulane på Sunnmøre. Vi opplever at stadig fleire oppdagar og ser behovet for kompetansen som no ligg i Slå på ringen, og erfaringane vi gjer oss på tvers av mange skular og barnegrupper. Derfor at det så viktig å få utvikle dette vidare.

Innvandrarprosjektet «Naturen som eg er ein del av»

Tal for 2024:

- 10 arrangement
- 266 elevar ved vaksenopplæringa i Ålesundsregionen og Volda
- Deltakarane frå 16 til 60 år

Målet med prosjektet «Naturen som eg er ein del av» er å invitere og inspirere innvandrarar til å få meir

kunnskap og erfaring med norsk natur gjennom året. Viktigheita av helseperspektivet ved det å vere ute og i rørsle står og sentralt. Dette er i hovudsak for personar som ikkje hadde noko erfaring med norsk natur frå tidlegare.

I 2024 var det elevar ved vaksenopplæringssentra i Ålesund og Volda som fekk tilbodet. Ved å samarbeide med vaksenopplæringa og ressurssetra når vi mange og kan bygge gode relasjoner til læringsinstitusjonen. Slik blir kunnskapen implementert i undervisninga og

læringsinstitusjonen. Friluftsrådet ved prosjektleiar Inger Bakke, med god hjelpe av Jenny Nystad, har gjenomført samlingane. Tema har vore: Truetur, aking, ei samling med marin forsøpling, leikesamling, Mat på bål, nærturar til nærmaste gapahuk og førjulsarrangement med norske førjulstradisjonar.

Friluftsrådet er særleg nøgde med aktivitetane og vil bygge vidare på desse aktivitetane i 2025.



Laging av julekrans.



Flatbrødbaking i Kornberstova på Haualeitet.



Vinterbål ved StikkUT-post i Rotevassdalen.



Tur med Ålesund vaksenoplæring.



Lunch på bål i Heltnelihiukka i Volda.

Aktivitetsarbeid i fritida



Nokre av dei frivillede vertane under opning av ny Naturmøteplass på Långhammaren i Stranda våren 2024.
F.v. Åge Kjølås, Dagfinn Johansen, Ragnhild Stadheim, Bjørnhild Josefsen og Anne Emdal.



Kjekke folk og god stemning under opninga av ny Naturmøteplass på Åheim i Vanylven i september 2024.

Naturmøteplassen

Naturmøteplassen er eit lågterskel og uforpliktande tilbod til alle som har høve til å gå tur på dagtid, og som set pris hyggelege møte med andre. Ved turmålet, som er ein gapahuk eller grindbygg, brenn bålet og kaffien er klar i eit fast tidsrom ein bestemt dag kvar eller annankvar veke. Blide og inkluderande vertar tek hjarteleg imot alle som kjem. Dei spanderer varm drikke med enkel servering - og slår gjerne av ein prat.

Folkehelsetiltak

Naturmøteplassane er eit godt folkehelsetiltak der folk både kjem seg ut på tur og samtidig har det sosialt og kjekt saman med andre. Tilboden er til personar i alle aldrar som er ledig på dagtid.

Fire nye i 2024

I 2024 starta vi opp fire nye naturmøteplassar som har blitt godt motteke. Dette er Långhammaren på Stranda (Stranda), 4-H-gapahuken på Åheim (Vanylven), Gomerløa på Skodje (Ålesund) og Sandvika på Roald, Vigra (Giske). I alt har vi no 12 Naturmøteplassar som meir eller mindre går av seg sjølv ved hjelp av dyktige frivillede vertar. Sjå gjerne nettsida til friluftsrådet for

Tal for 2024:

- 12 naturmøteplassar med ca. 380 arrangement
- ca. 7.500 besökande i alle aldrar
- 75 frivillede vertar legg ned dugnadsinnsats til ein verdi på ca 1,4 million kroner.

oversikt og kva dagar dei ulike plassane er i drift.

Vi har god hjelpe fra frivilligsentralane til å organisere og sette opp vaktlister, der frivillede enkeltpersonar, lag og organisasjonar byter på å vere vertskap. Friluftsrådet dekker utgiftene til ved, kaffi, enkel servering, utstyr osb, takka vere midlar frå Miljødirektoratet.

Motivasjon

Talet på besökande auka år for år, og per gong varier det frå 10-100 personar - avhengig av vær og årstid.

Naturmøteplassane motiverer folk til å kome seg ut på tur i friluft heile året, og nesten uansett vær. At så mange kjem kvar gong, betyr at dei i alle fall kjem over dørstokkmila ein dag i veka. Og sidan dei må gå eit stykke for å kome fram, er det grunn til å tru at forma blir betre også.



Britt Valderhaug Tyrholm og Inger Marie Seth frå Giske Rotaryklubb er primus motorar for den nystarta Naturmøteplassen på Roald (Vigra) i Giske kommune.



Frå opninga av ny Naturmøteplass i Gomerløa på Skodje i september 2024.



Padlecamp på Kjeldsund i Herøy. Foto: Bilda på desse sidene er tatt av Christer Lundberg Nes, Sunnmøre friluftsråd.



Morten Gjerseth viser ein metode for å kaste livbøye.

Padlefestival UNG

Gjennomført aktivitet for 2024:

- 1 introduksjonskurs for 10 ungdommar i Vanylven i samarbeid med 4H
- 2 padlecampar på Kjeldsund, over 2,5 døgn som også gir våttkort med grunnkurs, for til saman 19 ungdommar i august.

Kajakk er ein populær aktivitet for ungdom. Og fleire BUA ordningar i distriktet har kajakkar til gratis utlån til dei som har våttkort (Kajakkurs i våttkortstigen til padleforbundet)

Målsettinga til friluftsrådet er å både rekruttare og gi ungdommar moglegheita til å prøve padling på ein kjekk, lærerik og trygg måte. Og samtidig skal friluftsrådet ta godt vare på dei ungdommane som tidlegare har fått prøve padling og gi dei tilbod om kurs og aktivitetar til å lære meir og vidareutvikle seg som padlarar og auke bevisstheit om kystmiljøet med både natur og kultur.

Padlecampane var populære, og Kjeldsund er ei perle for kajakkopplæring.



Samarbeid, balanse og byggekunst-alle ungdommane i ein kajakkflåte.



Instruksjon før ungdommane skal på vatnet.



Scan koden for å sjå NRK TV sin direktesendte tv-reportasje frå eine padlecampen i august 2024.

Utandørs livredningsprøve og kurs

Utandørs livredningsprøve og kurs vert gjennomført i samarbeid med Morten Gjerseth.

Gjerseth er fysioterapeut i Volda og har svært lang erfaring med symjing og livredning inne og ute.

Utandørs livredning og utesymjing står spesifikt som eit kompetanse mål i læreplanane i skulen. Etter læreplanen i kroppsøving skal elevane når dei går ut frå ungdomsskulen «forstå og gjennomføre livberging i, på og ved vatn ute i naturen». (KRO01-05, Utdanningsdirektoratet)

Det er utarbeida ein rettleiar som skal hjelpe skulane til å forstå kva tryggleiksrutinar og kompetansekrav som trengs for å drive undervisning eller aktivitetar med barn i, ved og på vatn. Ordlyden «i, på og ved vatn» sett med andre ord krav til rutinar og kompetanse også for å ta med borna på stranda eller langs ei elv eller vatn. Rettleiaren som heiter «En veileder til trygg opplæring i, ved og på vann og bading i skolens regi» kan ein laste ned på svømmedyktig.no.

Det er derfor eit stort behov for kompetanseheving om utandørs symjing og livredning i skular, SFO og barnehagane i medlemskommunane. Friluftsrådet har gjennomført utandørs livredningskurs og livredningsprøve for lærarar sidan 2011.

Kursa til friluftsrådet er svært praktiske med mykje erfaringslæring og didaktikk.

Gjennomført aktivitet for 2024:

- 5 kurs for lærarar frå tre ulike kommunar
- 44 lærar
- 2 avlyste kurs 2024 (pga vær) er planlagt i 2025



Morten Gjerseth gir grundig instruksjon i HLR på utandørs livredningskurs før deltakarane øver under rettleiing.



Friluftsskule. Foto Sara Magnadottir.



Hareid. Foto Ingrid Lauritzen.



Stafsethneset. Foto: Sunniva Tennfjord.

Friluftsskular

I 2024 vart det gjennomført friluftsskular på Stafsethneset i Ålesund, Nessetelva i Hareid, Botnasanden i Volda og Murvika i Skodje.

Årets friluftsskular var svært attraktive og vellykka. Alle var fullteikna og totalt 80 barn var med på friluftsskulane.

Til gjennomføringa fekk friluftsrådet god hjelp av dyktige leiarar: Ingrid Lauritzen har vore koordinator. Med seg som leiarar fekk ho Aurora Marjala, Pia Ranum, Linnea Brekke Nes, Johannes Dagsland Knutsen, Ragnhild Wirak og Sunniva Tennfjord.

Alle leiarane har ein dag med kurs i utandørs livredning med avsluttande godkjend utandørs livredningsprøve.

Friluftsskulane er ei nasjonal satsing og samarbeidsprosjekt mellom Friluftsrådenes Landsforbund og DNT. Friluftsskulane har nokre obligatoriske tema som kartforståing og leirliv.

I tillegg er det ulike tema som førstehjelp og lokalt har friluftsrådet også mykje bading og kajakkpadling.

Til å lære borna orientering kom det to dyktige ungdommar frå Emblem IL orientering.

Det er laga ein eigen fyldig erfaringsrapport av Ingrid Lauritzen som ein kan få ved å ta kontakt med friluftsrådet.

Gjennomført aktivitet for 2024:

- 4 friluftsskular i juni med 80 barn
- 4 SFO-besøk i haust med 101 barn og 25 tilsette
- 1 vinterferieleir med 20 ungdommar
- 6 URØRT-undervisningar i Eidsdal (verdsarvområde). 56 elevar og 12 lærarar

Friluftsliv i SFO

I år besøkte friluftsrådet SFO i kommunane Ørsta, Sula, Giske og Stranda der bbarn og tilsette vart med på dagsatur med friluftsrådet. Aktivitetar var matlaging på bål, leikar og gode opplevingar i nærmiljøet.



Borna samlar haustlauv til bladtrykk. Foto: Philipp Wintermann.

Vinterferieleir

For første gang arrangerte friluftsrådet vinterferieleir for ungdom i ungdomsskulealder på Orreneset i Sykkylven. Det var sett opp in eigen turbuss til vinterferieleiren som gjekk t/r til Orreneset frå Volda, via Ulstein, Hareid, Moa og Sykkylven.

Leiren var fullteikna med ungdommar som var med på truetur, skitur, mat på bål ute, capture the flag mm.

I godt samarbeid med Skattekammeret i Ålesund fekk vi lånt vinterutstyr til ungdommane som var med.

I tillegg til Christer Lundberg Nes som er fagleiar aktivitet i friluftsrådet var det med fem dyktige studentar frå friluftsliv på Høgskulen i Volda som leiarar.



Vinterferieleir i Sykkylven Foto: Christer Lundberg Nes.

Urørt

Urørt er initiert av områdeverneforvaltinga for Geiranger-Herdalen. Friluftsrådet er koordinator og viser faglege undervisningstips etter «beste praksis» med elevar og lærarar i Verdsarvkulen Eidsdal skule.

I samarbeide med Eidsdal skule gjennomførte friluftsrådet 6 undervisningsopplegg med formidling av fag etter ynskje frå skulen. I tillegg gjennomførte studentar i friluftsliv ved Høgskulen i Volda praksisopplegg med undervisning i klassene, og med ein overnattingstur for friluftsliv valfag. Lærarane i Eidsdal skule tok også utandørs livredningsprøve.

Friluftsrådet har utvikla ein «stedbasert» undervisningsplakat i samarbeid med områdeverneforvaltinga, Verdsarv Geirangerfjord og Eidsdal skule.

Plakatane er lokale og vil nyttast av Eidsdal skule, men friluftsrådet vil nytte erfaringane med desse for å sjå om dette er noko som bør utviklast for andre interesserte skular i medlemskommunane.



Urørt undervisningsplakater på veggen på Eidsdal skule. Foto: Kari Elisabet Løvoll Dalhus.

Stikk UT! og andre turrutebasar

Stikk UT! 2024

I 2024 tok Stikk UT! eit stort steg vidare og etablerte eg også utanfor Møre og Romsdal sine grenser med Stikk UT! Norge som pilotprosjek med til saman ni deltagande friluftsråd. I tillegg til Sunnmøre og Nordmøre og Romsdal var Fjordane, Lister, Vesterålen, Midtre Hålogaland, Midt-Troms, Nord-Troms og Finnmark med.

Stikk UT! Norge

Innføringa av Stikk UT! Norge førte til omlegging både i app, turdatabase og nettside, noko som gav ein del utfordringar, men som gradvis har gått seg til.

Heilt sidan Sunnmøre friluftsråd vart med i Stikk UT! i 2015 har vi hatt eit nært samarbeid med Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal om Stikk UT! i Møre og Romsdal. Samarbeidet er framleis nært og godt, men med oppstarten av Stikk UT! Norge gjekk vår rolle over frå å vere den eine samarbeidsparten til å bli eitt av dei deltagande friluftsråda i pilotprosjektet.

Det er Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal som er juridisk eigar av Stikk UT!, og når Stikk UT! Norge vart etablert vart dei prosjektleiarar for Stikk UT! Norge.

Stikk UT! sommer 2024

I Stikk UT! har vi statistikk på mykje, og det er nyttig å følgje utviklinga frå år til år både når det gjeld aktivitet i dei ulike kommunane, alder på deltararar og korleis



Stikk UT! Ski blir organisert i tett samarbeid med Liv Synnøve Hoel i Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal (t.v.) og Stig Aambø i Møre og Romsdal skikrets. Hilde Ellingsæter i Sunnmøre friluftsråd t.h.

Nøkkeltal for 2024 (sommar + vinter):

- ca 29.000 deltararar
- ca. 542.000 turregistreringar
- 505 turmål med unike kodar (307 sommar, 198 vinter)

aktiviteten er gjennom dei ulike månadane og gjennom vekene.

I det første året med Stikk UT! Norge vart det totalt blant dei ni deltagande friluftsråda registrert litt over 1 million turar av om lag 51.000 deltararar.

I Møre og Romsdal deltok nesten 46.000 deltararar (ca 22 500 på Sunnmøre) og det vart registrert nesten 910.000 turar (ca 452.000 på Sunnmøre og Vestnes). Totalt i Møre og Romsdal var det 572 turmål i sommarsesogen 2024. 307 av desse var på Sunnmøre + Vestnes.

Stikk UT! når alle aldersgrupper og lag av befolkninga, og deltakinga syner klart at Stikk UT! er ein stor motivasjonsfaktor for folk til å kome seg over dørstokkmila og ut på tur, oppleve nye turmål og kome i betre form.

Dei siste åra har vi sett ein klar tendens til at nærturane har blitt meir og meir populære. I tillegg jaktar mange Stikk UT!-turmål rundt om i fylket og oppdagar såleis nye turmål og blir betre kjent i regionen.



Strandafjellet skisenter vart med på Stikk UT! vinter i 2024 med tre turpostar. F.v.: Ragnhild Stadheim, Stikk UT!-kontakt i Stranda og Ståle Fjørstad, dagleg leiar ved Strandafjellet skisenter.



Ein flott gjeng med Stikk UT!-kontakter i kommunane, som utgjer sjølve navet i Stikk UT!-arbeidet. Her fotografert under oppstartsmøte for Stikk UT! sommer 2024. Framme f.v. Torill Morsund Huse (Ålesund kommune), Mathilde Solbakken (Ålesund kommune), Marthe Longva Strandbakken (Volda kommune), Tove Sperre (Sykkylven kommune), Kai Oskar Eidsvik (Ålesund kommune), Hilde Ellingsæter (Sunnmøre friluftsråd), Ragnhild Stadheim (Stranda kommune), Gudrun Wangsmo (Sykkylven kommune), Emilie Glas (Ålesund kommune) og Randi Irene Helgøy (Vanylven kommune). Bak f.v Anne Berit Støyva Emblem (Sunnmøre friluftsråd), Ingunn Krosby (Sula kommune), Trond Otto Berg (Vestnes kommune) og Liv Synnøve Hoel (Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal).

Resultatet og direkte tilbakemeldingar viser at Stikk UT! gir stor trivsel og har ein god helseeffekt i vår region, noko som har vore ei bevisst målsetjing i arbeidet med turrimmen.

Engasjementet og iveren med Stikk UT! er framleis stor. Samtidig bidreg turrimmen til gode møteplassar og nye turopplingar. Med bakgrunn i dette held vi fast ved påstanden om at Stikk UT! er blant dei fremste folkehelsetiltaka i Møre og Romsdal.

Stikk UT! vinter

Også vinterturane engasjerer folk i alle aldrar, og begge kjønn. Ei større satsing på Stikk UT! Vinter har gitt auke i både deltaking og tal på registrerte turar.

I vintersesongen 2024 var det 347 vinterturmål i heile fylket, derav 198 på Sunnmøre.

Knappe 14.000 personar deltok, og desse registrerte over 200.000 fot- og skiturar, som er om lag 60.000 fleire enn vintersesongen i 2023.

Dette viser at Stikk UT! er ein stor motivasjonsfaktor for å få folk ut på tur i den kalde og mørke års-tida også – ei tid det er lett for å vere meir inne og mindre aktiv.

Prøverprosjekt frå 2023-sesongen med skiturmål utanfor preparerte skiløyper vart godt motteke og har blitt vidareført i 2024-25-sesongen.

Skaper aktivitet, samhald og gode turvanar på arbeidsplassane

Mange bedrifter deltek også på Stikk UT! som samla lag. Det har vist seg at dette er ein god motivasjonsfaktor for tilsette til å komme seg på tur.

I 2024 var det 267 arbeidsplasser med, og vi ser at deltararar i bedrifter faktiske er dei mest aktive i Stikk UT!, noko som både skuldast interne konkurransar og at ein inviterer kvarandre med på tur. I Stikk UT! Bedrift deltok nesten 6.000 deltararar som registrerte litt over 243.000 turmål.



Fra arrangement i Valldal, der både barn og voksne deltok mellom anna i tipp vekta-konkurranse med styreleiar Eva Hove (bakerst).

Bedriftene betaler inn ein liten årleg sum for å delta, og dette er ei svært kjærkome og viktig inntekt for Stikk UT! og drifta av turregistreringa, som er gratis for alle andre.

Kart til alle husstandar

Til likt med andre år, gav vi til sommarsesongen 2024 også ut ein kartbrosyre med oversikt over alle sesongens turmål i Møre og Romsdal. Dette vart sendt ut til alle husstandar (67.000) i heile fylket i slutten av april, om lag ei veke før sommarsesongen starta.

Det ligg mykje arbeid og ein stor kostnad i kartet. Likevel ser vi det som viktig då dette er friluftsråda sin invitasjon til alle om å delta på Stikk UT!.

Vi får mange tilbakemeldingar om at kartet er viktig for mange, og etterspurnaden startar gjerne tidleg i april. Vi opplever at det alltid er spenning før sesongstart knytt til kva som er sommarens turmål.

I 2024 har vi hatt med oss to gode sponsor-/samarbeidspartnar som mellom anna har bidratt til finansieringa av Stikk UT!-kartet.

Ei stor takk til hovudsponsor Sparebanken Møre og samarbeidspartner Wattn!

Stikk UT! Festival

Også i 2024 vart det arrangert Stikk UT!-Festival i friluftslivets veke (første veka i september). Målet er å feire den store turgleda i fylket, skape ekstra blest om Stikk UT! og få ekstra mange ut på tur i løpet av veka. Både nettsida og appen vart sett i festivalmodus, og vi freista med fine Stikk UT!-preiarar både til dei mest aktive bedriftene og til tilfeldige vinnarar som registrerte Stikk UT!-turar i løpet av veka.

Sjølv om været var varierande, vart det registrert heile 56.700 turar under den ti dagar lange festivalveka.

Frivilleg arbeid

Stikk UT! har mange frivillige turentusiastar og eldsjeler i sitt apparat. Desse er heilt vesentlege i både planlegging og tilrettelegging for gjennomføringa av turrimmen, mellom anna innmelding av turmål, tur-skildringar, skilting, merking, vedlikehald og trakking av skiløyper m.m.

I vintersesongen har vi også mange friville og løypekøyrarar frå 50 skiklubbar, pluss nokre løype-lag og ommunar, som brukar mykje tid og oppsparte midlar til å tilrettelegge flotte skiløyper for alle som er glade i å gå på ski. Her vil vi også nemne Møre og Romsdal skikrins ved Stig Aambø som ein svært vesentleg samarbeidspart på skidelen.

Stikk UT! er heilt avhengige av desse friville – og grunneigarar. Utan den store innsatsen frå dei friville og velviljen frå grunneigarar hadde det ikkje vore mogleg å gjennomføre turrimmen i den skala vi gjer. Ei stor takk til kvar og ein som har bidratt.

Førstehjelp til Stikk UT!-stiar

Stor turaktivitet og klimaendringar med auka nedbørs-mengder gjer at stiar blir slitte. Stikk UT! fekk med bakgrunn i det eit eige Stifond i 2023, der enkeltpersonar, lag, foreiningar og kommunar kan søke midlar til førstehjelpstiltak på Stikk UT!-stiar. Det er Sparebanken Møre som har gitt 500.000 kr til fondet, likt fordelt på dei to friluftsråda.

2024 ar andre året vi hadde stifondet, og også dette året fekk vi så mange søkerar at heile fondet vart delt ut. Søknadane tikka inn jamnt og trutt gjennom heile sommaren, og ved sesongslutt hadde friluftsråda i fylket fått inn 36 søkerar fordelt på heile regionen. Vi hadde løpende behandling av søkerane, med tilsagn og utbetalingar (maks kr 15.000 per søker). Midlane har tydelegvis kome godt med, og vi sitt att med mange takksame søkerar som no får gjort enkle men naudsynte utbetringer på stiane.

Informasjon om turstifondet var gjort i Stikk UT!-kartet, på stikkut.no, pressemeldingar, og e-post til Stikk UT!-kontaktar og kommunar.

Stikk UT!-vett er viktigare enn nokon gong

Etter kvart som turinteressa har blitt svært stor, har det blitt viktig for friluftsråda som driv Stikk UT! å rettleie turgåarar slik at dei viser omsynsfull ferdsel.

Berekraftig friluftsliv handlar om at kvar enkelt av oss tek gode val, og ferdast utan å etterlate spor i naturen.

Alle pliktar å vise omsyn til natur, grunneigarar og andre ein møter. Derfor har Stikk UT!-vettreglane blitt viktige for friluftsråda, og det blir sett stort fokus på dei mellom anna i kartet.

Turgåarar er stort sett flinke til å ta med seg søppel og parkere på tilviste plassar. Men vi får av og til meldingar om lause hundar som forstyrrer beitedyr og fuglar. Dette er noko friluftsråda tek på høgste alvor og vil jobbe meir for å unngå fram mot neste sesong.

Kom da så går vi!


Til sesongopninga 1. mai fekk vi nok ein gong vere med på «Kom da så går vi» med Jan Erik Finsæhter og Sunnmørsposten. Denne gongen gjekk turen til Kvitneset på Hareid, som både har flott og allsidig natur, og mange minnesmerke etter 2. verdskriga. Her var vi så heldige å få med oss mellom anna



Hilde og Anne Berit klar for Stikk UT! sommar 2024.

ordførar Bernt Brandal, folkehelsekoordinator Silje Kiperberg Aksnes, historikar Håkon Eliassen og stibyggar Brynjulf Stige som fortalte om turmålet og området.

Anne Berit og Hilde fekk fortalt mykje både om Stikk UT! og friluftsrådet.



Stikk UT!-kartet 2024 vart sendt ut til 67.000 husstandar på Sunnmøre og Vestnes i slutten av april.



Berekraftig friluftsliv handlar om at kvar enkelt av oss tek GODE VAL og ferdast utan å etterlate spor i naturen. Alle pliktar å vise omsyn til natur, grunneigarar og andre ein møter. Vi oppfordrar alle til å følge reglane for Stikk UT!-vett.



Takk for at du tek omsyn!

Prosjekt i regi av fylket:

Friluftslivets ferdsselsårer – kommunale planar

Gode kommunale planar for friluftslivets ferdsselsårer er med på å identifisere, ivareta og utvikle ferdsselsårene. Planane vil òg vere viktig kunnskap for å ivareta friluftsliv i anna arealplanlegging, og samtidig vere ein plan for korleis ferdsselsårene kan utviklast på ein berekraftig måte.

Stiar, turvegar, løyper og leder er avgjerande for utøving av friluftsliv, og vert kalla friluftslivets ferdsselsårer. Kommunane har ei viktig oppgåve for å legge til rette for godt planlagte stiar, løyper og turvegar. Stortingsmeld. 18 (2015-2016) Friluftsliv – Natur som kjelde til helse og livskvalitet er grunnlaget for ei nasjonal satsing på friluftslivets ferdsselsårer i regi av Miljødirektoratet.

I perioden 2020-25 leiar fylkeskommunen prosjektet «Friluftslivets ferdsselsårer Møre og Romsdal». Sunnmøre friluftsråd og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal bistår kommunane i å utarbeide eigen plan for friluftslivet sine ferdsselsårer. Vi skal fremme samarbeid om ei planmessig utvikling av friluftslivet i kommunane. Innbyggjarane i kommunen skal medverke i planarbeidet, og endleg plan skal godkjennast av kommunestyret.



Besøk hos planavdelinga i Herøy kommune for oppstart i arbeidet med plan for friluftslivets ferdsselsårer. F.v. Vegard Ose Velle, Hilde Ellingsæter (SF), Ole Magne Rotevatn og Anne Berit Støyva Emblem (SF). Kulturleiar i Herøy Julianne Auberg Hauge var også med møte, men ikkje med på bilde.

Giske kommune

Kontakt oss Mi side Web-TV Translate Friskus |

Du er her: Startsidan → Kunngjeringar → Høyring - Friluftslivets ferdsselsårsplanar 2024

Høyring - Friluftslivets ferdsselsårsplanar 2024

Giske formannskap vedtok 26. august 2024 å legge ut Plan for friluftslivets ferdsselsårsplanar 2024-2036 på høyring. Høyringsfristen er sett til 1. november 2024.

Viser til F-sak 075/23 frå 6. juni 2023 om å utarbeide ein plan for friluftslivets ferdsselsårs i Giske kommune. Målet med ein slik plan er å identifisere, ivareta og utvikle ferdsselsårs i kommunen for å sikre og vidarevikle et attraktivt tilbod til innbyggjarane med tanke på folkehelse, livskvalitet, bobilist og reiseliv, jt. komuneplanens samfunnsdel.

[Plan for friluftslivets ferdsselsårsplanar 2024-2036 - høyringsforslag \(PDF, 3 MB\)](#)

Kartvedlegg:

[Plan for friluftslivets ferdsselsårs \(PFF\) - Giske og Valderøya_31.07.2024_m.koder \(I\) \(PDF, 2 MB\)](#)

[Plan for friluftslivets ferdsselsårs \(PFF\) - Godøya_31.07.2024_m.koder \(I\) \(PDF, 721 kB\)](#)

[Plan for friluftslivets ferdsselsårs \(PFF\) - Vigra_31.07.2024_m.koder \(I\) \(PDF, 1016 kB\)](#)

Døme på plan på høyring, frå Giske kommune

I fylkeskommunen sin anleggspolitikk er friluftsliv eit av tre satsingsområde. Det vil vere avgjerande for kommunane sin tilgang til spelemidlar og andre tiskot til anlegg dei komande åra at dei får på plass ein planmessig og strukturert utvikling av friluftslivsanlegga sine. Fylkeskommunen prioritærer midlar friluftslivsanlegg som inngår i ein kommunal plan for friluftsliv.

13 av 15 kommunar på Sunnmøre har starta planarbeidet for Friluftslivets ferdsselsårer, men er ulikt komne i prosessen. Desse kommunane er komne lengst i arbeidet: Giske, Ålesund, Fjord, Ulstein/Hareid (felles plan), Sykkylven, Ørsta, Volda og Vestnes.

Herøy kommune hadde oppstartsmøte i september, og Haram, Sula og Stranda kommunar har vedteke oppstart. Gjenståande kommunar som ikkje har søkt om midler er Sande og Vanylven. Friluftsrådet skal bistå i fullføring av planarbeidet. I 2024 har vi mellom anna hatt felles digitale opplæringsmøter og delteke på møter i nokre av kommunane. Friluftsrådet har også delt eksempel på planar på eiga nettside.

Mange kommunar i fylket har tidlegare gjennomført kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde (KVF), og har dermed eit godt grunnlag å gå vidare med ferdssåreprosjektet. Fylkeskommunen har også ein stor database med ca. 2500 GPS-spora turruter i morotur.

Landets første friluftsbarometer for kommunane

Friluftsbarometret er eit verktøy for å sjå kommunane i fylket sin innsats på utvalde tema som betyr mykje for friluftslivet. Dette gir ei oversikt om kva som finns tilgjengeleg av informasjon om kommunane si friluftslivsforvaltning og seie kva som manglar av informasjon.» (sak 20887/2023, Kulturtilskot 2023 – disponering av ramme).

Sunnmøre friluftsråd tok i 2024 del i arbeidet med å lage landets første friluftsbarometer. Målinga tok føre seg 10 faktorar for å kartlegge i kor stor grad kommunane legg til rette for friluftsliv.

Kva tiltak gjer ein kommune til ein friluftsvenleg kommune? Dette er eit spørsmålet mange i friluftslivsmiljøet stiller mange seg. Norge har mykje fin natur, men manglar ei måling som syner kommunane sin vilje til å legge til rette for friluftsliv.

Forum for natur og friluftsliv (FNF) Møre og Romsdal tok initiativ til å lage eit friluftsbarometer for kommunane i Møre og Romsdal. Hausten 2023 innvilga Møre og Romsdal fylkeskommune prosjektmidlar til å utarbeide ei slik måling.

Arbeidet starta opp ved årsskiftet 2023/24 og Friluftsbarometer Møre og Romsdal var ferdig utvikla på seinsommaren. I oktober blei resultatet lansert med innslag i lokalaviser og på NRK Møre og Romsdal.

Resultatet blei med i fylkesstatistikken for Møre og Romsdal, noko som gleda prosjektgruppa stort. Eit auka fokus på arbeidet for friluftsliv var hovudmotivasjonen bak arbeidet. Det å få friluftsliv inn som eit eige tema i ei slik fagleg oppsummering, betyr mykje.

Molde og Fjord på topp

På den første friluftsbarometermålinga blei Molde kommunen med flest poeng i fylket. Molde skåra mellom anna høgt på utlånsordningar av friluftsutstyr og at dei har fullført plan om friluftslivets ferdelsårer.

I denne første målinga kom Fjord kommune på andre plass og på topp av Sunnmørskommunane. Fjord kommune skåra bra på at kommunane har flest meter med sti- og turvegar per innbyggjar. Vestnes følgde tett etter og kom på tredje plass totalt med 60 poeng. Vestnes skåra mellom anna høgt på at kommunen har mange statleg sikra friluftsområde.

Basert på 10 indikatorar

Det er sjølv sagt eit stort spørsmål når ein spør kva som er ein bra friluftskommune eller ikkje. Sikkert er det at alle kommunane i Møre og Romsdal har mykje flott natur og mange fine turstiar! Prosjektgruppa prøvde å finne svar på kva meir som skal til for at det blir lett for folk å drive friluftsliv.

Indikatorane gruppa kom fram til baserer seg på hovudkategoriane areal, plan og aktivitet. I areal er basisen mellom anna trygg tilkomst til rekreasjonsareal, samt total lengde på stiar, turvegar og gangvegar. Statleg sikra område er òg eit viktig punkt.

Det krev mykje arbeid å gå inn i den enkelte kommunenes planverk. På planfronten landa prosjektgruppa på å gi poeng for medlemskap i eit friluftsråd fordi det seier noko om kommunen si prioritering. Det same gjeld status på arbeid med friluftslivets ferdelsårer.

Friluftsaktivitet vert sjeldan målt med tal. Men medlemskap i friluftsorganisasjonar og aktivitet i StikkUT! er to målbare indikatorar. Det same er utlånsordningar for friluftsutstyr, noko som kan vere avgjerande for om «alle» i kommunen kan kome seg ut på ulike friluftsaktivitetar.

10 måleindikatorar for friluftsbarometret

1. Lengde på stiar og turvegar
2. Lengde med gang- og sykkelvegar
3. Trygg tilgang til rekreasjonsareal og nærturterren
4. Tal på statleg sikra friluftsområde
5. Tilgang til strand-soneareal
6. Etablert Plan for friluftslivets ferdelsårer
7. Medlemskap i friluftsråd
8. Medlemskap i friluftsorganisasjonar
9. Utlånsordningar friluftsutstyr
10. Tal på StikkUT!-deltakrar

I poenggjevinga tek fleire av indikatorane omsyn til kommunen sitt areal og/eller innbyggartal.



Styringsgruppa for Friluftsbarometer Møre og Romsdal bestod av Anne Berit Støyva Emblem, dagleg leiar Sunnmøre friluftsråd, Ola Fremo, dagleg leiar Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Maria Holo Leikarnes, dagleg leiar DNT Romsdal og Ingbjørn Bredeli, koordinator Forum for friluftsliv Møre og Romsdal.

Kvalitetssikra verdiar

Det var ei utfordring for prosjektet å samanlikne kommunar med stor skilnad i folketal og natur på ein rettferdig måte. Dette blei forsøkt løyst ved at dei aller fleste indikatorane blei validert ut i frå areal, folketal eller annan relevant faktor.

Verdiane som blei nytta skal vere kvalitetssikra og lette å kontrollere. Tala ble derfor henta frå Statistisk sentralbyrå, Statens Kartverk, Miljødirektoratet, Telemarksforskning og andre kvalitetssikra kjelder.

I tabellen kan du sjå resultat frå Friluftsbarometer Møre og Romsdal 2024 versjon 1.3. Haram blei eigen kommune frå 1.1.2024 og manglar difor reelle målinger på nokre indikatorar.

Styringsgruppa voner at friluftsbarometeret kan utviklast vidare og repeterast med jamne intervall. Dette vil avhenge av midlar til vidareføring i framtida.



Scan koden for å sjå resultata for Friluftsbarometer - Møre og Romsdal 2024 (fnf-nett.no)



Linda Bakken blei hyra inn som koordinator prosjekt Friluftsbarometer.



Scan koden for å sjå omtale av friluftsbarometeret i Fylkesstatistikken Møre og Romsdal 2024.

Sikring og tilrettelegging av friluftsområde

Statleg sikring og forvaltningsplanar

Statleg sikring betyr at staten kjøper friluftslivsområde som er spesielt viktige for befolkninga. Staten kan betale inntil 100 prosent av kostnadane dersom arealet er regionalt viktig, og 50 prosent dersom det mest er lokalbefolkninga som brukar det. Kommunen får så råderetten over området, som ikkje kan brukast til anna enn friluftsliv etter kjøpet. Etter avtale, kan kommunane delegere heile eller delar av ansvaret for drift og skjøtsel til friluftsrådet. Friluftsrådet skal vere pådrivar og hjelp for kommunane i arbeidet både med å söke statleg sikring og utforming av forvaltningsplanar for områda som er blitt statleg sikra.

Dei aller fleste søknadane blir innvilga, og dette er ei viktig kjelde til finansiering av tilretteleggingstiltak.

Både kommunane sjølv og friluftsrådet sökjer kvart år offentlege midlar til tilretteleggingstiltak i desse områda. Det kan vere til tiltak som gapahukar, bål-plassar, stupebrett, flytebrygger, stiar, toalett, parkeringsplass osb. Føresetnaden er at kommu-

nane saman med friluftsrådet lagar forvaltningsplanar for kvart av områda, som skal godkjennast av fylkeskommunen.

Friluftsrådet gir rettleiing til frivillige som vil påverke kommunen til å sikre eit område, vidare er vi med på synfaringar og møter med kommunen og grunneigarar. Når kommunen skal i gang med sjølve søknaden om sikring, gir vi også «steg-for-steg»rettleiing. I 2024 har vi jobba vidare med nytt toalett til Hundsvær, statleg sikring av Øyna i Fjord kommune og fornyingar av forvaltningsplanar i samarbeid med kommunane.

I 2024 har friluftsrådet gjennomgått kommunale forvaltningsplanar og hatt fleire møter med kommunar om statleg sikring og utarbeiding av planar for friluftsområda. På slutten av året har vi bidratt med råd og innspel i prosessen med at Prinsen camping Ålesund kommune blir statleg sikra.



Christian Ødegaard i arbeid med å bygge gapahuk på Storholmen.



Gruslegging av ny sti på Hundsvær.



Nytt toalettbygg på øya Hundsvær i Borgundfjorden.



Befaring i det statleg sikra friluftsområdet Vassetvatnet i Sula kommune. F.v.: ???, Ingunn Crosby, ???, ordførar Turid Humblen og Pål Henry Høyberg i Sunnmøre friluftsråd.

Skjøtsel og drift gjennom året

Driftsavdelinga til friluftsrådet har heilt eller delvis ansvar for drift, skjøtsel og nye tilretteleggingstiltak i mange statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane.

Friluftsrådet har ei rad eigedelar som bruer, toalett, grindbygg og gapahukar, grill/bålpassar, stupebrett, rastebenkar, informasjonsskilt mm. Desse ligg i hovudsak i regionalt viktige friluftslivsområde (sjå vedlegg som gir ei fullstendig oversikt over våre ansvarsområde og kva vi eig).

Drifts- og skjøtselsarbeidet omfattar jamt tilsyn, vask og tømming/påfylling av toaletta, slått av gras, opprydding av søppel, fjerning av kratt, tilsyn og reparasjoner av installasjonar vi har ansvaret for.

Velforeiningar og andre bidreg med dugnader i fleire av friluftsområda, som t.d. Ålesund Rotary Øst på Svinøya, Kråkvika Vel i Kråkvika i Vestnes og LHL/Vatne Velforening i Gurinesbukta i Haram.

Kontor, verkstad, lager og driftsutstyr

På Digerneset har vi 11 kontorplassar med fellesareal og møte/undervisningsrom, og 150 m² lager og verkstadlokale. Fagleiar for Aktivitet har kontorplass på Volda Campus. Statens Naturoppsyn leiger eitt av kontora på Digerneset.

Vi disponerer fire arbeidsbilar, fleire bilhengarar, tre båtar, ein beitepussar og anna nødvendig utstyr og reiskapar (sjå eige vedlegg). I utstyrsbasen for utlån av friluftsutstyr til skular/bhg har vi mellom anna fleire kajakkhengarar med 14 kajakkar på kvar, lavvoar, truger, kokeutstyr for bål, snøformingssett, taubruer m.m. (sjå eige kapittel om Lån av friluftsutstyr).

Lageret er delt inn i avdelingar for utstyrsutlån, utstyr til Leikepatruljen, marin forsøpling, Stikk UT! og drift/skjergardsteneste/verkstad.

Rydding av marin forsøpling

Tal for 2024:

- 2422 frivillege ryddarar, ca 8.500 timer
- ca. 35.000 kg rydda søppel
- ca 280 km rydda strandsone
- 320.000 km² rydda areal

Marin forsøpling ser tilbake på eit aktivt år med mange ryddetimer både med profesjonelle og frivillige ryddehender. Meir enn 130 frivillige grupper har vore i aksjon. Om lag 80 av dei har motteke motivasjonsmidlar og resten har fått hjelp gjennom rådgiving og koordinering av akjoner og liknande. 35 tonn søppel er fjerna frå strandsona på Sunnmøre og Vestnes.

Året vart krona med tildeling av Møre og Romsdal fylkeskommune sin Miljøpris, ein pris Sunnmøre friluftsråd delte med Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal. Prisen er ei stadfesting på at arbeidet mot marin forsøpling vert lagt merke til.

Friluftsrådet er særskilt glad for at marin forsøpling i 2024 hadde aktivitet i nesten alle medlemskommunane. Graden av arbeid i kvar kommune vil variere år for år. Til dømes blei det i 2024 gjort mykke arbeid i Haram og Ålesund kommune grunna Rydd i Tide og prosjekt Rydd Grytafjord. I åra framover står prosjekt med hovudfokus i andre kommunar for tur.

Fordeling av arbeidet speglar òg kor aktive frivillige



Naturbrukslinja ved Stranda vidaregåande skule utførte rydding i Storfjorden saman med avdeling marin forsøpling og Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal.

er på å söke midlar til strandrydding. På SF sine nettsteder kan ein söke på motivasjonsmidlar for rydding når det er midlar nok til det. I 2024 fekk meir enn 80 lag og foreiningar støtte til strandrydding på Sunnmøre og i Vestnes. Det gir ein ekstra verdi når frivillige ryddar eigne nærområde, og får eit eierskap til "si" fjøre. I utsette strøk og i utvalgte verneområde jobbar friluftsrådet sine profesjonelle ryddarar saman med Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal.

Prosjektbasert arbeid

Friluftsrådet driv i stor grad prosjektbasert arbeid. Det gjeld òg avdeling for marin forsøpling. Omfanget av arbeidet heng direkte saman med midlar fra Handelens miljøfond og Miljødirektoratet. Med medlemskontingent frå kommunane som basis, kan SF i tillegg söke på midlar andre stadar.

Marin forsøpling hadde 3,6 millionar kroner i prosjektstøtte for 2024. Det er nesten halvparten av summen for 2023. Sommaren 2024 fekk Sunnmøre friluftsråd tilslag på söknad til Handelens miljøfond med mål om å rydde fjøra i den lange Grytafjorden. Tilslaget gjorde at marin forsøpling fekk ein million meir og enda på totalt 4,6 millionar i prosjektstønad for 2024.

Miljødirektoratet

Friluftsrådet arbeider kontinuerleg med ryddeprosjekt finansiert av Handelens miljøfond og Miljødirektoratet.



Rydd i Tide har vore eit stort prosjekt for Sunnmøre friluftsråd dei siste åra. Prosjektet er finansiert av Handelens Miljøfond. Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal er uvurderleg hjelpt i dette arbeidet. Her vert store depot på Harøya lasta om bord i Rigmor.



Heile friluftsrådet saman med Skjærgårdstjenesten deltok på rydding av holmar og øyer utanfor Harøya i juni.

Den fleiråige støtta frå Miljødirektoratet gjer at SF kan planlegge langsiktig på nokre prosjekt. I 2024 var støtta frå Miljødirektoratet 1,5 millionar kroner.

Prosjektmidlane frå Miljødirektoratet gjorde det mellom anna mogleg å gjennomføre ein flott dag med strandrydding i Storfjorden saman med Skjærgårdstjenesten og elevar frå Stranda vidaregåande skule. På vegen heim blei det henta inn depot frå frivillige ryddarar både i Sykkylven, Sula og Ålesund. Det kjennes ekstra kjekt å leve eit fullt båtlass med søppel etter stor innsats frå frivillige i fleire medlemskommunar!

Rydding med skuleelevar og framandspråklege

Midlar frå Miljødirektoratet gjorde òg at vi kunne gjennomføre det årleg undervisningsopplegget med elevar frå Gjermundnes vidaregåande skule. Læringseffekta gjer slike tiltak verdifulle på langt sikt, særleg når ein får med barn og unge og kan bidra til haldningsskapande arbeid.

Målgruppa for prosjekta gjennom Miljødirektoratet er stor. Det er viktig å få med seg lokalbefolkinga og bidra til å skape lokalt eierskap for eit reinare strandmiljø rundt seg. Vårryddedagen i Hundeidvika, Sykkylven, blei ein suksess, med mange ivrige frivillige i aksjon.

Også i 2024 hadde marin forsøpling ryddedagar

med vaksenopplæringa. Dette er eit årvisst opplegg, der deltakarane får innblikk i norsk friluftslivskultur gjennom nyttige og trivelege dagar saman. Eit samarbeid med Røde Kors starta også opp i 2024. Dette skal halde fram og utviklast vidare i 2025.

Rydd i Tide med Handelens miljøfond

Handelens miljøfond sitt plastposefond bidrog til kr 1,6 millionar i støtte til Rydd i Tide (tidlegare kalla Rydd Norge). Gjennom dette prosjektet har SF rydda ytre kyst. I 2024 blei det gjennomført vedlikehaldsrydding på Fjørtofta og Vigra, mens det blei gjort såkalla førstegongsrydding på Harøya og øyane utanfor. Arbeidet er ressurskrevjande, men også særslig givande. Ytre kyst fanger søppel frå store havområde. Mengda av søppel er derfor stor, og det er stort påslag av ny forsøpling. Øyer og holmar krev bruk av båt i utsette område med mykke ver og vind. Dette gjer arbeidet ekstra kostbart.

Den viktige Skjærgårdstjenesten

Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal er viktig støttespiller i arbeidet mot marin forsøpling. Båt og mannskap frå skjærgårdstenesta er uvurderleg hjelpt ved tilkomst til holmar eller rydding langs bratt kyst. Vidare er slik hjelpt naudsynt når marin forsøpling skal hente inn store depot eller tunge gjenstandar.



Handelens miljøfond gjer det mogleg for Sunnmøre friluftsråd å drive rydding av marin forsøpling. Her blir det innsamla søppelet vegd før det blir transportert vekk og levert inn på miljøstasjonar.

Skjærgårdstjenesten gjer det mogleg for marin forsøpling å rydde på områder som elles ville vore utilgjengelege. For 2024 nytta marin forsøpling totalt 117 båttimar.

Planar for 2025

Avdeling marin forsøpling vil i 2025 halde fram mot målet om å rydde sørover fjord for fjord. Friluftsrådet har fått 116.000 kroner fra Hurtigrutefondet for å rydde Hjørundfjorden. Det er i tillegg søkt midlar fra Miljødirektoratet slik at ein vonleg kan rydde heile fjorden. I tillegg kjem ferdigstilling av prosjekt og vedlikehaldsrydding.

Rydd i Tide vil halde fram med ny vedlikehaldsrydding på Fjørtofta og Vigra, i tillegg til ferdigstilling på Harøya og rydding i Raudnesvika og Eltrane på Sula. Prosjekt Rydd Grytafjorden skal ferdigstilla med profesjonell rydding på nokre område som står att.



Randi Kjærstad Hagerup og Malin Therese Fiksdal på heimveg etter ein effektiv ryddedag med «Rigmor» og Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal.

Marin forsøpling ønsker å halde fram med og auke graden av samarbeid med lag og organisasjoner. Målet er å knytte til seg frivillige på heile Sunnmøre. Tilbod som til dømes rydding med vaksenopplæringa og rydding med elevar frå Gjermundnes vidaregåande skal vidareførast. Vidare ønsker SF i større grad å engasjere bedrifter på heile Sunnmøre. Marin forsøpling har òg gjort ein intensjonsavtale med Rotary, der innhaldet blir utvikla og kunngjort gjennom året.

Nettverk marin forsøpling

Nettverk Marin forsøpling Møre og Romsdal er ein samlearena for alle som er interessert i problematikken rundt marin forsøpling i Møre og Romsdal. Nettverket er koordinert av Runde miljøsenter, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal og SF. Medlemskap og deltaking på samlingar er gratis. Nettverket har dei siste åra hatt tre årlege samlingar. Innhaldet i samlingane varierer frå gong til gong, men faglege innslag og rydding står alltid på plakaten. Hensikta med samlingane er å inspirere og motivere ryddarane. Dei som ryddar bur spreidd utover fylket, og mange kan føle på at dei ofte står aleine i arbeidet mot marin forsøpling.

Vårsamlinga har blitt fast innslag på Runde Miljøsenter, med faglege innslag av lokale forskarar og rydding i vårsola. Holmehoppinga på seinsommaren blei flytta frå Bjørnsund til Bud grunnavêret, men det blei ei vellykka og lærerik samling. Over 700 kilo søppel blei rydda i løpet av denne helga. Haustsamlinga blei lagt til Smøla, heile fylket skal tas i bruk! I tillegg til faglege innlegg, besøk frå Hold Norge Rent og ryddeaksjon, blei det gjennomført årsmøte og lagt planar for 2025.

10 tonn søppel fjerna frå Grytafjorden

«Rydd Grytafjorden» var eit av dei største prosjekta for marin forsøpling i 2024. Sunnmøre friluftsråd har saman med frivillige rydda 10 tonn marint søppel frå strandsona i fjorden.

På forsommaren 2024 fekk Sunnmøre friluftsråd innvilga ein million kroner frå Handelens miljøfond for å rydde Grytafjorden, den fem mil lange fjorden mellom Haram og Ålesund. Planlegginga starta i august, og i løpet av nokre hektiske haustmånadar vart det lagt ned 4300 arbeidstimar for å rydde fjorden. Arbeidet resulterte i fire konteinarar med til saman 10 tonn søppel.

Hjelp av frivillege

33 frivillige lag og foreiningar har stått på for å hjelpe oss med jobben. Fotball-lag, handball-lag, skuleklassar og andre heiv seg rundt og sökte på motivasjonsmidlar lyst ut på friluftsrådet sine nettsider. Dette ga kjærkommen inntekt i klubbkasser til lokalt barne- og ungdomsarbeid, samstundes som strandlinja vart rydda.

Til lands og til vanns

Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal med arbeidsbåten «Rigmor» har delteke på prosjektet. Skjærgårdstenesta er ei uvurderleg hjelpe ved tilkomst til holmar eller rydding langs bratt kyst. Hjelpe frå båtenesta også naudsynt når vi skal hente inn store depot eller tunge gjenstandar.

Den lokale bedrifa Salmar har òg bidratt med båt og mannskap i to heile arbeidsdagar. Vidare stilte Uteguiden AS med midlar og ryddemannskap til ein dag med båtrydding. Det er kjekt når lokale folk tek del i arbeidet og får eit eigarskap til ein reinare fjord.

Rydda sjølv soner med ulendt terregn

Av tryggleiksvurderingar rydda friluftsrådet sjølv stadar med ulendt terregn, der ferdsel kan medføre ein viss risiko. Vidare er nokre gjenstandar ein finn – til dømes trosser og saltkar – for store og uhandterlege til at frivillige kan frakte dei med seg. Fire profesjonelle ryddarar frå staben vår rydda derfor nokre strekke langs fjorden. Ved prosjektslutt var heile strandsona i Grytafjorden ferdigplukka og «nullstilt».



Mange små og store var i aksjon for ein reinare Grytafjord.



Stor søppelfangst i Buvika på Ellingsøya på nordsida av Grytafjorden. Dette er resultat etter 1,5 times arbeid med frivillige.

Fekk Miljøprisen 2024

Sunnmøre friluftsråd og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal fekk i 2024 Møre og Romsdal fylkeskommune sin Miljøpris for Friluftsråda i fylket får prisen for vårt mangeårige arbeid mot marin forsøpling. «Rydd Grytafjorden»-prosjektet på Sunnmøre er spesielt trekt fram.



Miljøprisen vart delt ut under møte i fylkestinget 9. desember. Frå venstre leiar i kompetanse- og næringsutvalget Geir Stenseth, dagleg leiar Ola Fremo i Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, fagleiar marin forsøpling Malin Therese Fiksdal i Sunnmøre Friluftsråd, dagleg leiar Sunnmøre Friluftsråd Anne Berit Støyva Emblem, Randi Kjærstad Hagerup (Sunnmøre Friluftsråd), Malin Giske (Sunnmøre Friluftsråd), Linda Bakken (Sunnmøre Friluftsråd) og fylkesordførar Anders Riise. Foto Per-Kristian Bratteng, Møre og Romsdal fylkeskommune.

FRILUFTSLIVETS BÆREKRAFTSPLAKAT

FNs bærekraftsmål er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikhet og stoppe klimaendringene innen 2030.

Sunnmøre friluftsråd ønsker å bidra aktivt til å oppfylle desse måla



Vi vil:



MÅL 3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET

- Bidra til god fysisk og psykisk helse gjennom å jobbe for ei friluftsliv for alle, som består av både organisert og egenorganisert aktivitet
- Sikre at alle barn og unge lærer grunnleggende friluftslivsferdigheter
- Tilrettelegge friluftslivsområder for sosialt fellesskap
- Arbeide for gode rammevilkår for frivilligheten, og gjøre det enkelt og attraktivt å være frivillig



MÅL 10 MINDRE ULIKHET

- Sikre allemannsretten som et gratis fellesgode
- Styrke inkluderings- og mangfoldsarbeidet, og legge til rette for at alle skal kunne delta i friluftslivet
- Støtte, etablere og bidra til drift av utlånssentraler for utstyr til fritidsaktiviteter



MÅL 13 STOPPE KLIMAENDRINGENE

- Redusere friluftslivets klimaavtrykk ved å arbeide for mer klimavennlig transport i ferie og fritid, og fremme kortreiste hverdagsopplevelser i nærmiljøet



MÅL 14 OG 15 LIVET I HAVET | LIVET PÅ LAND

- Informere om, og inspirere til, sporløs ferdsel i naturen
- Fremme naturvennlig tilrettelegging og kanalisering av ferdsel og annen friluftslivsaktivitet der det er behov av hensyn til sårbar natur
- Verne om viktige friluftslivsområder, spesielt områder nær der folk bor, strandsonen, bymarker og større sammenhengende skog- og fjellområder
- Stimulere til og koordinere rydding av avfall langs kysten og i naturen ellers



MÅL 4 GOD UTDANNING

- Heve skolenes kompetanse på bruk av naturen som læringsarena, og jobbe for at dette prioriteres i skolenes planverk og i lærerutdanningen
- Skape økt forståelse for at naturen er forutsetningen for menneskets eksistens og livskvalitet



MÅL 11 BÆREKRAFTIG BYER OG LOKALSAMFUNN

- Sikre natur- og friluftslivsområder med åpne og inkluderende møte- og aktivitetsplasser, nær der folk bor
- Arbeide for at det skal etableres flere gang- og sykkelveier, stier og turveier
- Øke anerkjennelsen av frivillighetens egenverdi og betydning for å skape samfunn preget av tillit, trygghet og tilhørighet



MÅL 9 INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR

- Støtte opp om forskning og andre tiltak som bidrar til et mer bærekraftig friluftsliv



MÅL 12 ANSVARLIG FORBRUK OG PRODUKSJON

- Inspirere til friluftsliv som handler om opplevelser og ikke utstyr
- Vektlegge nærfriluftsliv og opplevelser som ikke krever mye utstyr eller store anlegg
- Redusere forbruket av friluftsutstyr og -klær ved å fremme krav til kvalitet og stimulere til deling og gjenbruk



MÅL 17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLENE

- Videreføre et bredt samarbeid for et mer bærekraftig friluftsliv, både mellom friluftslivsorganisasjonene og med myndighetene
- Formidle våre bærekraftserfaringer i internasjonalt samarbeid, og hente kompetanse og inspirasjon fra andre land
- Inspirere alle som bedriver friluftsliv til å engasjere seg for å oppfylle FNs bærekraftsmål

Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal

Skjærgårdstjenesten i fylket er eit spleislag mellom Staten v/Miljødirektoratet, Møre og Romsdal fylkeskommune og dei to friluftsråda i fylket. Staten betaler 50 prosent av kostnadane, og fylkeskommunen og friluftsråda betaler 25 prosent kvar. I 2021 signerte vi ein samarbeidsavtale mellom dei fire partane, der Sunnmøre friluftsråd står for drifta og har det daglege, økonomiske, administrative, juridiske og operasjonelle ansvaret.

Båt og mannskap er stasjonert i Ålesund, men skal operere i heile fylket. Hovudoppgåvene er drift, skjøtsel og tilretteleggingstiltak i statleg sikra friluftslivområde, og er ein viktig reiskap i arbeidet mot marin forsøpling.

Sunnmøre friluftsråd gir oppdrag til skjergårdstjenesta for våre område. Tenesta er også ein sam-

arbeidspart for Statens Naturopsyn og del av beredskapen i fylket.

Arbeidsbåten «Rigmor» er viktigaste verktøyet, men ved behov får tenesta bruke den som passar best av dei tre mindre arbeidsbåtane til Sunnmøre friluftsråd.

Hovudformålet for Skjærgårdstjenesten i Møre og Romsdal er å ivareta naturen sitt mangfold, og auke forståinga blant folk når det gjeld verdien av dette. Målsetjinga vidare er å bidra til at bruken av naturen aukar, samt å bidra i kampen mot marin forsøpling.

Vi kan dele dette inn i seks hovudpunkt:

- Å drifte og vedlikehalde, allereie etablerte installasjoner på sjønære, offentleg eigde eller statleg sikra frimråde i Møre og Romsdal for å tilrettelegge for fine opplevelinger i naturen.



«Rigmor». Foto Torgeir Sund.

- Oppgradere og forbetra eksisterande område etter bestilling frå dei to friluftsråda i fylket. Dette med bakgrunn i at dei to friluftsråda søker midlar til dette etter medlemskommunene sine forvaltningsplanar og ønske.
- Etablere nye brygger og tilrettelegge på nye friareal etter statleg sikring som i punktet over.
- Vidareutvikle samarbeidet med Statens Natur Oppsyn (SNO), lage rutinar og samkøyre oppdrag for synergieffektar.
- Vere ein aktiv ressurs i kampen mot marin forsøpling, ta ansvar for rydding av statleg sikra område, men også vere ein utøvande funksjon for dei to friluftsråda i fylket som deira operative eining til strandrydding i heile fylket.
- Vidareutvikle avtalar og samarbeid mellom ansvarlege parter i Skjærgårdstjenesten i Møre og Romsdal, som igjen fører til utviding av aktivitet og oppgaver fordelt utover heile fylket.

Status båtar og mannskap

Skjærgårdstjenesten i Møre og Romsdal har i 2024, hatt to faste tilsette i 100 prosent stilling. I tillegg til dette, har SGT nyttet tilsette i Sunnmøre friluftsråd når dette har vore mogleg, og det har vore kapasitet til dette. Det har også vore leidt inn sommarhjelp og ekstrahjelp ved behov. Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal disponerte to båtar i 2024:

- «Rigmor» som Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal kjøpte av Ryfylke friluftsråd i 2018
- Sunnmøre friluftsråd har også ein båt som Skjærgårdstjenesten har disponert, det er en aluminiums arbeidsbåt på 7,7 m med bauglem og utanbords motorar (Sandtangen).

Arbeid gjennomført i 2024

Oppdrag for Statens naturopsyn SNO:

- Tilsyn av ulike område og bruken av desse
- Rydding av fuglereservat
- Frakt av utstyr
- Sjekk av diverse skilt
- Montering av nye skilt
- Køyring av oppsyn av laks/ørretgarn og teinefiske
- Felle-fangst etter mink

I 2024 har SNO-stilling på Sunnmøre vore ubesett. Det har derfor vore noko mindre sams spel mellom Skjærgårdstjenesten og SNO i denne regionen enn det brukar.

Dagane som SNO disponerer i Skjærgårdstjenesten, er bruk på faste oppgåver som er avtalt tidlegare, samt nokre oppdrag for Statsforvalteren i Møre og Romsdal. Det er blitt henta inn søppel og båtvrek på bestilling. Det er også starta eit oppryddingsarbeid etter nokre hus som ble ned i ein storm for nokre år siden. Dette er i eit fuglefredningsområde på Eggeholtmene like nord for Stad. Dette arbeidet vil fortsette i 2025.

Skjøtsel/vegetasjonspleie:

I år som tidlegere år har vi, i vinterhalvåret, brukt mykje tid på skjøtsel og vegetasjonspleie.

Vi har fulgt opp kommunane, og statsforvaltar om å kartlegge mengdene med artar som er uønska, samt kva for område det er ønske om å prioritere fjerning av desse.

Det er også brukt mykje tid på skogrydding langs stiar, samt fjerning av rotvelt.

Områda vi har jobba mest med er Forøya i Averøy, Skrävika i Ørskog, Svinøya, Vikholmen, Mauren, og frimrådet ved prestebrygga på Sjøholt i Ålesund, og Langevågs-holmane i Sula

Fjerning av uønska artar har i hovudsak vore sitkagran, lønn, bulkemispel og rynkeroser.

Det har også blitt jobba med vegetasjonspleie, fjerning av einer og krattskog for å opne opp og gjere område tilgjengelege for folk. Det er også blitt beitepussa der det er framkommeleg for beltepussaren.

Det er også i år frakta mykje beitedyr rundt på øyar og holmar, tilsyn og flytting er blitt ein vanleg del av driftsarbeidet i sommarhalvåret.

Tilretteleggingsprosjekt

- Toalett Hundsvær Sunnmøre friluftsråd/Ålesund: Prosjektet er gjennomført etter planen etter bestilling frå Sunnmøre friluftsråd, jf. arbeidsplan.
- Etablere hengekøyeparkar i Ellingsøyfjorden Sunnmøre friluftsråd/Ålesund: Skjærgårdstjenesten har også bistått Sunnmøre friluftsråd i å etablere hengekøyeparkar. Prosjektet er gjennomført etter planen etter bestilling frå Sunnmøre friluftsråd.
- Gapahuk på Storholmen, Sunnmøre friluftsråd/Sula: Prosjektet er gjennomført etter planen etter bestilling fra Sunnmøre friluftsråd.

Marin Forsøpling

2024 har vore eit veldig bra år i kampen om marin forsøpling! Vi har gjennomført mykje rydding for eigne midlar og vi har hatt mange oppdrag for Sunnmøre friluftsråd.

Oppdraga har i hovudsak gått ut på å hente inn søppel etter dugnadar samt deltaking og logistikkoppgåver under dugnadar på krevjande plassar. I år har det vore meir ryddeoppdrag ytst i havet på lokaasjonar det er vanskeleg og komme til på.

I tillegg til dette har Skjærgårdstjenesten fått nokre midlar direkte med Miljødirektoratet, som er blitt nytta til rydding og innhenting av ein del større gjenstandar som båtar og forliste brygger, samt rydding av fuglefredningsområde. Vi har også hatt med grupper av frivillege.

Den største enkeltaksjonen vi har vore med på i 2024, var videreføring av rydding i Storfjorden. Dette gjekk over mange dagar, og gav godt resultat.

Vi har også brukt mykje tid saman med Sunnmøre friluftsråd til rydding av ytre kyst rundt Harøya.

Skjærgårdstjenesten har også vore i oppdrag for Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, i samband med to ryddeaksjonar på Nordmøre.

Vi har også hatt nokre aksjonar med dykkerar fra forskjellelege dykkarklubbar for rydding på havbotn.

Drift og vedlikehald

I driftsåret 2024 har vi halde friluftsområda vi driftar



Rehabilitering av kai Vikholmen.

stelte og representative, men grunna mykje arbeid med marin forsøpling, og tilretteleggingstiltak, har vi ikkje hatt tid til å oppgradere nokre av områda utover vanleg stell og vedlikehald.

Normale driftsoppgåver er også gjennomført, t.d:

- Tilsyn av moringer
- Utsett og opptak av badebøyer
- Tilsyn og vedlikehald av stupetårn
- Reparasjonar av landgangar og brygger
- Grillar har blitt bytta ut og bålplassar etablert
- Laga nokre vedstativ
- Klipping av gras i alle område
- Måling og beising
- Vask av toalett og halde det i orden

Rehabiliteringsprosjekt

Grusing av sti på Storholmen, Sula og Rehabilitering kai Vikholmen, Ålesund er gjennomført som planlagt.

Beitedyr til bruk i vegetasjonspleie

Vi har videreført godt samarbeid med fleire sauebønder, og prøvar å legge til rette for at fleire tek i bruk dei mange holmane som beiteareal.

Vinteren 23–24 har vi ikkje hatt vinterfôra dyr i våre område.

Vi bistår med frakt av dyra. Og frakter ut mange dyr når våren kjem. Vi flyttar rundt til fleire holmar i løp av sommaren, etter beitetrykk og tilgang på mat. Vi har ca. 250 dyr på sommarbeite på friareal som vi har ansvar for.

Båt status og tilstand

Det har ikkje vore endringar i båtparken i 2024.

Vi har også i år hatt nokre vedlikehaldskostnadar på «Rigmor», men i storleik «normalt» på ein 22 år gammal båt. Elles har vi framleis litt oppgradering av «Rigmor» og sjølvsagt følgt opp alle båtane med service og vedlikehald.

Timeforbruk båtar

- Rigmor 440 timer
- Sandtangen 260 timer

Vi har i 2024 logga 142 dagar på sjøen, enkelte av desse køyrer vi med fleire båtar samtidig. Desse dagane vi er på sjøen er fordelt mellom dei ulike oppgåvene og områda vi jobber i.

Område – arbeidsfordeling

Mange av desse dagane har vi oppgåver i mange kommunar, og innan fleire av oppgåvefeltet vi utfører, dette for å utnytte kapasitet og utføre oppgåver så driftsøkonomisk som råd.

Her er ei lita oppsummering på arbeidsfordeling:

- I regionen Nordmøre og Romsdal har vi logga 5 lange dagar med driftsarbeid, hovudsakeleg i Averøy, og Kristiansund (Ca 45 timer båt)
- Vi har 28 timer båtkøyring i marin forsøplings prosjektet til Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal.
- Vi har fakturert 237 timer båtkøyring i marin forsøplingsprosjektet til Sunnmøre friluftsråd
- Vi har logga ca 100 timer rydding av marin forsøpling i eigen regi. (Der er det nokre timer med småbåtane som ikkje er logga, så talet er noko høgare.)
- Resterande 300 timer er brukt på driftsarbeid i områda til Sunnmøre friluftsråd. (Nokre av desse timane må reknast som timer grunna vedlikehald, vasking bunkring og liknende)



Innhenting av «herreløs» båt.



«Rigmor» i arbeid.



Fjerning og fresing av rotvelt på Vikholmen.


Medieomtale

Også i 2024 har Sunnmøre friluftsråd fått god mediedekning i arbeidet vårt - over heile Sunnmøre. Vi har manadleg sendt ut fleire pressemeldingar som har vore adressert til dei media over heile Sunnmøre og i Vestnes. I tillegg til at vi har sendt ut pressemeldingar, har media også kontakta oss ved ei rekke anledningar.

Utanom lokalavisene har vi også hatt fleire innslag i NRK Møre og Romsdal, både TV- og radiosendingar.

I pressemeldingane våre har vi lagt vekt på å gjere arbeidet vårt kjent. Likeins å få fram omfanget av det frivillede arbeidet, samt takksemd over økonomisk støtte frå viktige bidragsytarar som Sparebanken Møre, Handelens Miljøfond, Gjensidigestiftelsen og Wattn, i tillegg til kommunar, stat og fylke.

Arbeidsområda som har fått mest omtale i 2024 er Stikk UT!, rydding av marin forsøpling og 50-årsjubileet. Men også fritidstilbod og Naturmøteplassen har vore godt dekt.



Oversikta viser 344 omtalar i 53 unike media.

Sunnmørsposten	37
Vestlandsnytt.no	29
Nyss.no	25
Haramsnytt	20
Romsdals Budstikke	20
More-Nytt	18
Bygdebladet	18
NRK	16
Øy-Blikk	16
Møre	12
Vikebladet Vestposten	12
Synste Møre	10
Vestnesavisen	8
Tidens Krav	8
Åndalsnes Avis	6
Ørsta kommune	6
Driva	6
Volda kommune	6
Bypatrioten	5
Hareid kommune	5
AESBy	5
Vanylven kommune	4
Aura Avis	4
Fjord.kommune.no	3
Sande kommune (Møre)	3
Syklyvelen kommune	3
Molde kommune	3
Trollheimsparten	3
Ulstein kommune	2
Herøy kommune (Møre og Romsdal)	2
Møre og Romsdal fylkeskommune	2
Sunndal kommune	2
Aukra kommune	2
Lister24	2
Rauma kommune	2
Bladet Vesterålen	2
Podtail	1
Dfly.no	1
MyNewsdesk NO	1
Den Norske Turistforening	1
Ksu	1
Ålesund kommune	1
Storfjordnytt	1
Midsundingen	1
Daily Advent	1
Finanswatch	1
Hold Norge Rent	1
Fjordenes Tidende	1
Spelkavika.no	1
Lyngdals Avis	1
Stranda kommune	1
Tingvoll kommune	1
Hemne kommune	1

Vil ha meir fokus på leik



- Ein kan seie at barn i dag er understimulerte på motoriske utfordringar. Eg møter dette kvar dag og eg røg meg i håret, seier Inger Bakke frå Sunnmøre Friluftsråd.

Nyleg kom det fram i eit notat frå Sveining Venoy (Sp) at barn og unge i Sykkylven kommune har fleire helseutfordringar, basert på ulike kjelder. Eitt av fleire punkt på lista som blei presentert varde på kva Friluftsråder hadde avdekk kring barna sin grønomotorikk. Det skal ha observert at mange barn i barnehusene sit.

Kvardsgrøs!
Inger Bakke er prosjektleiar innan aktivitet hos Sunnmøre Friluftsråd og møter tusenvis av barn gjennom prosjekt som «Sla på ringen» og «Leikepartruljen». Ho fortel til Nyss at det dei har avdekk gjennom leik ikkje er spesielt i Sykkylven.

- Det er i dag et problem med grønomotorikk, fortel Bakke når det gjemmer til motorikk, og det gjeld alle barn og møter.

Trillehår, til domes, leikte vi mykje for. Men dei fekk det ikkje til, seier Bakke.

At barn deltek i fridaktaktivitet meinte ho er flott, og det ikkje det at ho synest dei må trenere meir eller gjere på topptrøyt. Det må vere meir fokus på leikeporteførtet til barna og

JOHANSEN

4 TORSDAG 7. MARS 2024 SUNNMØRSPOSTEN

Inger Bakke er prosjektleiar innan aktivitet hos Sunnmøre Friluftsråd der hovudfokuset er på

leik.

●● I utgangspunktet er det ikkje noko i vegn med barna, men dei er understimulerte

tek det ikkje lang tid fe

heng og sleng. Dei skal sta

ut fingrane og knipe sa

men far krämper nesten

ein gong. I utgangspunktet

det ikkje nok i vegn med

barna, men dei er understimulerte

: sekken oriske utt

til leik ut

, seier ho

o på kons

klike kvard

egar.

t barn miste

i er slove o

ier: «Eg gidi

me i blikket

og oppgåvne

ansvarsfri

Ma spiser si

for meg nár

ven som er

med ven

Økonomi og rekneskap

Årsoppgjøret har ein omsetnad i 2024 på 17,68 mill. kr (2023: 18,15 mill. 2022: 15,7 mill. 2021: 13,9 mill.).

Samla utgifter i 2024 er på 17,46 mill. kr (2023: 18,1 mill., 2022: 14,7 mill. 2021: 14,8 mill.)

Årsresultatet i 2024 er på 0,38 mill. kr (2023: 0,14 mill., 2022: 1,1 mill., 2021: - 0,8 mill.)

Kontingent frå kommunane i 2024 er på 3,27 mill. kr

(2023: 3,2 mill., 2022: 3,1 mill. 2021: 2,9 mill.) og utgjer framleis om lag 18 prosent av inntektene.

Øvrige inntekter er i all hovudsak prosjekt-, administrasjons- og driftsmidlar frå Friluftsrådenes Landsforbund (FL), Miljødirektoratet, Handelens Miljøfond/Rydd Norge, Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK), Sparebanken Møre, Gjensidigestiftelsen, Wattn og sponsor- og salsinntekter frå lokalt næringsliv. Det er særleg arbeid mot marin forsøpling og drift av skjergardstenesta som fekk tilskot, men også aktivitetsprosjektet «Slå på ringen», «StikkUT!» og andre aktivitetstiltak og tilretteleggingstiltak fekk

støtte. T.o. Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal fører også eige rekneskap og budsjett. Sjå også årsrapport 2023 for oversikt økonomi. Lønnsutgiftene er største utgiftsposten.

Lønnsutgiftene er største utgiftsposten. I 2024 er samla lønnsutgifter vel 8,7 mill. kr (2023: 8,4 mill., 2022: 7,4 mill., 2021: 7,1 mill.)

Dette er 0,3 mill. høgare enn i 2023, ei auke på 3,3 %.


Varekostnader er 3,2 mill. kr i 2024 (2023: 4,1 mill., 2022: 2,8 mill., 2021: 3,2 mill.).

Dette er ein reduksjon på 0,9 mill frå året før.


Andre driftskostnader er 5,1 mill. kr i 2024 (2023: 5,1 mill., 2022: 4,2 mill., 2021: 4,1 mill.).

Dette er tilsvarende som året før.

Friluftsrådet har om lag same, eller ein liten nedgang prosjektaktivitet i 2024 som i 2023, spesielt innan marin forsøpling, og derigjennom fleire arbeidstimer og auka drift. Lønnsvekst, vare- og driftskostnader er dekt inn gjennom prosjektbudsjetta.



Figur 1: Fordeling av inntekter i Sunnmøre friluftsråd i 2024.



Figur 2: Fordeling av inntekter i Sunnmøre friluftsråd i 2023.

Av all kontingent innbetalt av kommunane i 2024, skaffa friluftsrådet 80 prosent inntekter frå andre kjelder. Vi rettar ein stor takk til deltakarkommunane, Miljødirektoratet, Handelens Miljøfond og Rydd Norge, Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK),

Friluftsrådenes landsforbund (FL), Sparebanken Møre, Wattn, Ørskog Sparebank, og alle lokale sponsorar til Stikk UT! som har finansiert arbeidet til friluftsrådet i 2024!

REKNEKAP INNTEKSFORDELING

	2024	2023	2022
Inntekter			
Medlemskontingent kommunane	3 265 519	3 191 212	3 096 988
Friluftsrådenes Landsforbund adm.tilskot	765 000	698 600	672 500
M&R fylkeskommune adm.tilskot	269 000	269 000	260 000
M&R fylkeskommune tilskot anlegg	950 500	530 000	
Friluftsrådenes Landsforbund tilskot anlegg/tilrettelegging	100 000	30 000	
M&R fylkeskommune tilskot friluftslivaktivitetar	570 000	636 750	420 000
Friluftsrådenes Landsforbund tilskot friluftslivaktivitetar	1 498 750	1 290 000	1 053 000
Gjensidigestiftelsen tilskot Slå på Ringen/friluftskule	600 000	600 000	200 000
Sparebanken Møre tilskot Slå på ringen		600 000	700 000
Røde Kors MR tilskot Slå på ringen	-	250 000	
Lions Club Ålesund tilskot Slå på ringen	-	50 000	
Miljødir. investeringstilskot arbeidsbåt skjergardstenesta	237 000	237 000	237 000
Miljødirektoratet driftstilskot skjergardstenesta	1 525 000	1 450 000	1 380 000
M&R fylkeskommune driftstilskot skjergardstenesta	766 830	729 330	518 000
Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal driftstilskot skjergardstenesta	250 000	200 000	160 000
Sunnmøre friluftsråd driftstilskot skjergardstenesta	650 000	600 000	600 000
Andre tilskot skjergardstenesta	330 000	340 000	320 000
Tilskot innvilga, ikkje utbetalte/andre tilskot	859 000	35 000	172 000
Handelens Miljøfond tilskot frivilleg rydding	1 331 050	476 000	
Miljødirektoratet tilskot marin forsøpling	1 400 000	1 900 000	2 280 000
Handelens Miljøfond Rydd Norge – Rydd ytre kyst	1 642 325	3 380 739	
Salsinntekter, refusjonar etc marin forsøpling			1 528 287
Salsinntekter nettbutikk, bedriftspakkar Stikk UT! etc.	595 351	1 014 346	1 329 996
Gevinst ved sal driftsmidlar		156 383	
Leigeinntekter	66 600	50 000	
Andre driftsinntekter	8 140	105	242 128
Sum inntekter	17 680 065	18 154 465	15 729 899

REKNEKAP KOSTNADSFORDELING

	2024	2023	2022
Utgifter			
Lønn	8 722 622	8 437 494	7 360 800
Varekostnader	3 247 100	4 153 385	2 762 534
Avskrivningar	373 800	369 100	369 900
Andre driftskostnader	5 116 272	5 164 219	4 209 409
Sum utgifter	17 459 794	18 124 198	14 702 643
Sum driftsresultat	17 459 794	30 267	1 027 256
Finanspostar			
Annen renteinntekt	162 285	112 162	32 397
Annen rentekostnad	2 820	1 473	639
Annen finanskostnad	1 504		
Resultat finanspostar	157 961	110 689	31 758
Ordinært resultat inkl. finanspostar	378 233	140 956	1 059 014

REKNESKAP SETT OPP ETTER KOMMUNALE PRINSIPP

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT	Regnskap 2024	Budsjett 2024	Regnskap 2023
Driftsinntekter			
6 Overføringer og tilskudd fra andre	15 367 649	17 684 000	13 552 892
8 Salgs- og leieinntekter	2 312 416	2 713 000	4 601 574
9 Sum driftsinntekter	17 680 065	20 397 000	18 154 466
Driftsutgifter			
10 Lønnsutgifter	6 840 219	7 337 967	6 426 091
11 Sosiale utgifter	1 882 403	1 953 325	2 011 403
12 Kjøp av varer og tjenester	7 013 056	8 600 608	7 511 350
13 Overføringer og tilskudd til andre	1 433 700	1 850 000	1 806 254
14 Avskrivninger	373 800	369 100	369 100
15 Sum driftsutgifter	17 543 178	20 111 000	18 124 198
16 Brutto driftsresultat	136 887	286 000	30 268
Finansinntekter			
17 Renteinntekter	162 285	-	112 162
20 Renteutgifter	- 4 324	-	- 1 473
21 Avdrag på lån	-	-	-
22 Netto finansutgifter	157 961	-	110 689
23 Motpost avskrivninger	373 800	369 100	369 100
24 Netto driftsresultat	668 648	655 100	510 057
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:			
25 Overføring til investering	112 896	200 000	-
26 Avsetninger til bundne driftsfond	-	-	-
27 Bruk av bundne driftsfond	-	-	-
28 Avsetninger til disposisjonsfond	555 752	455 100	510 057
29 Bruk av disposisjonsfond	-	-	-
30 Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-
31 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	668 648	655 100	510 057
32 Fremført til inndeckning i senere år (meirforbruk)	-	-	-

Fra 2024 skal rekneskapsføringa for kommunale oppgåvefellesskap omleggast etter kommunale prinsipp, jfr Økonomiforskrifta for kommunar, kapittel 8. Oversikta over kan bli justert etter revisorgodkjenninga.

Revisorselskap 2024 er Møre og Romsdal Revisjon SA.

Rekneskapsførar er Økonomiservice AS, Ørskog.

Vedlegg til årsrapporten

Statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane

Dei fleste medlemskommunane til friluftsrådet har eitt eller fleire statleg sikra friluftsområde, og nye kjem til etter kvart som kommunane får kunnspak om denne ordninga. Friluftsrådet har fullt driftsansvar for ni av

dei, og delansvar for tiltak (t.d. toalett) i fleire av dei andre. Søknader om midlar til nye tilretteleggingstiltak i sikra friluftsområda blir sendt kvart år i samråd med kommunane.

Oversikt over friluftsområde der friluftsrådet har ansvar

Kommune	Namn	Areal/da	Eigar	Sikringsstatus	Tilrettelegging
Giske	Blimsanden	10	Privat	Regulert	1 Toalett, tilkomstveg, veggom
Sula	Langevågs-holmane Brendholmen Eikrem Vassetvatnet Bolvika	114,3 6,1 Kommunen	Staten Kommunen	Statleg sikra Statleg sikra Statleg sikra	Turstiar, 3 brygger, kai, bål-plassar, toalett. Gapahuk. P-plass, toalett Grindbygg, toalett Reiskapshus m/toalett
Vestnes	Kråkvika Leirvågen	101,6 165	Staten Kommunen	Statleg sikra Statleg sikra	Tilkomstveg, turveg, turs tiar, servicebygg med toalett, gapahuk og bålpassar, bade/fiskemolo, 2 stk. veggommar Tilkomstveg, turveg m/bru, parkeringsplass
Haram	Gurinesbukta	5,4	Kommunen		Parkeringsplass, veg, bade/fiskebrygge, rullestolrampe, toalett, badstrand, bålpasser, grindbygg. Slåttemark.
Ålesund (Skodje)	Mauren Brauta Håhjem	315,5 80	Staten Kommunen	Statleg sikra Komm.eigedom – regulert	Turveg, tursti, 2 p-plasser. Gjestebrygge. Muldo. servicebygg med toalette Tursti , P-plass, veggom, toalett, gapahuk, bålpass
Ålesund (Ørskog)	Skråvika og Osberget	10	Kommunen	Statleg sikra	P-plass, turveg, toalett, badstu, veggom, badstrand, stupebrett, info.skilt
Ålesund (Ellingsøyfjord og Borgundfjord)	Svinøya Vikholmen Hundsvær Stafsethneset	227,4 90 80 28,2	Staten Kommunen Kommunen Kommunen	Statleg sikra Komm. sikra Komm. sikra Statleg sikra	3 toalett, turstiar, natur- og kultursti, 2 gjestebrygger, grillplasser, kystleihytte, trapper, slåttemark. Kai, turstiar, toalett Gjestebrygge, skogrydding. Slåttemark, parkeringsplass, brygger, toalett, veggom, bålpass, sandstrand, tuslesti mm.
Fjord (Stordal)	Øyna	49,5	Privat		2 bruer, 2 toalett Slåttemark
Stranda	Helsemvika		Kommunen	Statleg sikra	Grindbygg bålpass
SUM		1423,5 da			

Oversikt egedelar i Sunnmøre friluftsråd (KO)

Gjenstandar	Kommune	Lokalisert	Gjenstandar	Kommune	Lokalisert
Gjestebrygger og kaier	Giske	Godøya - Ytterland	Toalett/reiskapsbu	Ålesund	Mauren
		Fjord			Svinøya
		Dyrkorn 1 Stk		Vestnes	Kråkvika
		Storholmen 2 stk			
		Brennholmen			
	Ålesund	Dampskipskaia 1 stk	Gapahuk/grindbygg	Ålesund	Stafsethneset (ny 2021)
		Skodje 1 stk			Gurinesbukta
		Svinøya 2 stk			Lervågen
		Hundsvær 1 stk		Sula	Håhjem
		Vikholmen 1 stk			Storholmen (ny 2024)
Bruer	Fjord	Stafsethneset 1 stk		Vestnes	Vassetvatnet
		Gurinesbukta 1 stk			Kråkvika
				Stranda	Helsemvika (ny 2020)
Toalett	Ålesund	Store Ådalselva	Bålpass	Vestnes	Kråkvika 1 stk
		Elvabytet		Ålesund	Stafsethneset
		Øyna			Svinøya
		Fosslibrua (Måslia)			Vikholmen
		Postvegen over Tverrelva		Sula	Storholmen
Toalett	Vestnes	Mevatnet	Informasjons-tavler	Sula	Eltrane
		Kråkvika 3, Leirvågen 1			Sandvika
				Ulstein	Kjerringnesvatnet (ny 2020)
				Giske	Godøya (3stk)
				Ålesund	Stafsethneset
Toalett	Giske	Blimsanden			Osberget
		Eikrem			Skråvika
		Storholmen	Bade-/fiskebrygge	Vestnes	Kråkvika
		Vassetvatnet		Ålesund	Gurinesbukta
		Overøye 2			
	Fjord	Norddalstrand	Skjellsand påført badestrond	Sykylven	Haugneset (2021)
		Gurinesbukta			Bolvika (2020)
		Gjersetvatnet		Ålesund	Stafsethneset
		Murvika			
		Håhjem			
Toalett	Ålesund	2 stk. Svinøya	Andre eigendalar:		
		Vikholmen			
		Parrvika			
		Tueneset			
		Lillevatnet			
		Sandingane			
		Stafsethneset			
		2 stk. Voldsdalsberga			
		Skråvika			
		Brauta			
Toalett	Haram	Vaksvikfjellet			
		Hundsvær (ny 2024)			

Gjeldande samarbeidsavtale for Sunnmøre friluftsråd kommunalt oppgåvemøte

Deltakarkommunane har i 2020 vedteke å organisere Sunnmøre friluftsråd som Kommunalt Oppgåvemøte (KO) etter kapittel 19 i Kommunelova. Deltakarkommunane har i 2020 vidare vedteke denne samarbeidsavtala. Deler av teksten i samarbeidsavtala er oppdatert av representantskapet i 2021.

§ 1 – NAMN PÅ OPPGÅVEMØTE

Namnet på oppgåvemøtet er Sunnmøre friluftsråd, kommunalt oppgåvemøte, som kan forkortast til Sunnmøre friluftsråd (KO), i det følgjande kalla «friluftsrådet».

§ 2 – DELTAKARKOMMUNAR

Friluftsrådet består av kommunane Giske, Fjord, Haram, Hareid, Herøy, Sande, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vestnes, Volda, Ørsta, Vanylven og Ålesund. Nye deltakarkommunar skal godkjennast av representantskapsmøtet.

§ 3 - FORMÅL

Folkehelse er fundamentet i alt Sunnmøre friluftsråd (KO) gjer. Vi skal, i samarbeid med deltakarkommunane, andre offentlege styresmakter, organisasjoner og frivillige, fremje allsidig og miljøvennlig friluftsliv i regionen. Vi skal stimulere til friluftsliv til beste for trivel og helse for alle og skape større forståing for nytten av friluftsliv.

- Administrasjonen i friluftsrådet skal fungere som kompetansesenter for friluftsliv for deltakarkommunane og andre samarbeidspartar, vere ein pådriver og ein høyringsinstans i viktige saker for friluftslivet.
- Friluftsrådet skal legge til rette for fysisk aktivitet for barn og unge.
- Friluftsrådet skal arbeide med sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområde av ulike slag.
- Gjennom Skjergardstenesta Møre og Romsdal skal friluftsrådet gjere sjøbaserte friluftslivsområde attraktive og tilgjengelege.
- Friluftsrådet skal jobbe for ei reinare fjøre. Vi koordinerer, legg til rette for frivillig og profesjonelt arbeid mot marin forsøpling.

§ 4 - ORGANISASJON

Dei faste organa til friluftsrådet er representantskapet, styret og dagleg leiar. Styret kan velje å opprette arbeidsutval som omtalt i § 7 og eit fagleg samarbeidsforum som omtalt i § 9. Friluftsrådet er tilslutta Friluftsrådenes Landsforbund.

§ 5 - REPRESENTANTSKAPSMØTE

Representantskapsmøtet er høgste styresmakt i friluftsrådet og skal haldast innan utgangen av mars kvart år.

Kvar deltakarkommune skal velje 2 representantar med vara til representantskapsmøtet for heile kommunevalperioden. Deltakarkommunar med meir enn 20.000 innbyggjarar møter også med 2 representantar, men stemmene vert veka etter innbyggjartal (vektig: 40.000 innbyggjarar gir 4 stemmer og 60.000 innbyggjarar gir 6 stemmer).

I samsvar med Kommunelova skal begge kjønn vere representerte når det blir valt 2 eller fleire representantar. Styremedlemmane møter med tale- og forslagsrett i representantskapsmøtet.

Representantskapsmøtet er også ope for andre interesserte. Representantskapsmøtet avgjer i kvart enkelt høve om andre frammøtte skal ha talerett i ei eller fleire saker på møtet. Representantskapsmøtet er vedtaksført når det er lovleg innkalla og kunngjort i samsvar med samarbeidsavtalen. Representantskapsmøtet skal kallast inn etter vedtak i styret, og med minst 4 vekers skriftleg varsel. Sakliste og saks-dokument skal ligge ved innkallinga. Vedtak fatta av representantskapsmøtet er gyldige for alle deltakarkommunane. Alle vedtak på representantskapsmøtet skal avgjerast med vanleg fleirtal. Unntaket er sakene som etter vedtekene krev kvalifisert fleirtal. Ved stemmelikskap i saker som krev vanleg fleirtal, avgjer dobbeltstemma til leiaren, sekundært vara for leiar.

Godtgjersle for representantskapsmedlemmane er omtalt i «Reglement for reise- og kostgodtgjersle for styret og representantskapet i Sunnmøre friluftsråd».

Representantskapsmøtet skal:

- Godkjenne innkalling, sakliste og utsendingar
- Velje ordstyrar, sekretær og 2 representantar til å signere møteboka
- Godkjenne eventuelle nye deltakarkommunar, jf. § 2
- Handsone årsrapport til styret, som skal gjere greie for gjennomføringa av fjarørets arbeidsplan og oppfylle krava til rapportering frå deltakarkommunane
- Godkjenne rekneskap med revisjonsmelding
- Vedta handlingsplan og årets arbeidsplan
- Vedta budsjett, og eventuelle prosjektilskot eller andre bidrag frå deltakarkommunane.
- Fastsette neste års tilskot (kontingent) for deltakarkommunane. Ein auke utover 2% frå året før krev 2/3 fleirtal på representantskapsmøtet, jf. § 10
- Vedta eventuelle endringar i godtgjerslesatsar for styret



10. Handsame innkomne saker
11. Vedta eventuelle endringar i samarbeidsavtalen, jf. § 11
12. Velje:

- a) Styre med personlege vara i samsvar med teksten under
- b) Leiar og nestleiar i styret mellom medlemmane i det alt valde styret
- c) Revisor, veljast for eitt år
- d) Valnemnd på 3 medlemmar (veljast for tre år) og 1 varamedlem (veljast for eitt år)

Nærare om val til styret, jf. punkt 12 a:

Kvar deltakarkommune har 1 styremedlem med personleg vararepresentant pr. 20.000 innbyggjarar, men ikkje fleire enn 3 medlemmar frå kvar kommune.

Ein tilsettrepresentant tiltrer styret med tale- og forslagsrett.

Medlemmane i styret har ei funksjonstid på to år. Så langt råd skal halvparten av styremedlemmane med vara vere på val kvart år. Det er deltakarkommunane som vel sine styremedlemmar med personleg vara i forkant av representantskapsmøtet., personleg vararepresentant vert vald for same tidsperiode styremedlem. For kommunar (over 20.000 innbyggjarar) med fleire styremedlemmar skal begge kjønn vere representerte på fast plass, jamfør kommunelova. For kommunar med eitt styremedlem skal medlem og personleg vara vere av ulikt kjønn. Det skal samla sett vere minst 40 % av kvart kjønn i styret. Styret skal legge fram ei gyldig styresamsetning til representantskapsmøtet. Dersom val av styrerrepresentantar frå kommunane samla sett ikkje oppfyller 40%-regelen, kan det bli aktuelt å bytte om på fast og varaplass av nye styrerrepresentantar. Samansettinga vert i så fall avgjort ved loddrekning eller etter frivillig avtale mellom kommunane. Eit styremedlem kan maksimalt sitte 8 år samanhengande i styret.

Alle val skal vere skriftlege dersom nokon ber om det. Når kandidatar skal veljast enkeltvis og ingen av kandidatane oppnår fleirtal, skal det gjennomførast omval mellom dei to kandidatane som fekk flest røyster. Er det etter omvalet like mange røyster på kvar kandidat, skal valet avgjeraast ved loddrekning.

§ 6 - EKSTRAORDINÆRT REPRESENTANTSKAPSMØTE

Ekstraordinært representantskapsmøte kan innkallast med minst 3 vekers skriftleg varsel etter vedtak i styret, eller når 2 eller fleire av deltakarkommunane krev dette skriftleg. Saklista skal leggast ved innkallinga. Ekstraordinært representantskapsmøte kan berre handsame dei sakene som er nemnde i innkallinga, og er vedtaksført med dei framme representantane. For vedtak gjeld same reglane som i det ordinære representantskapsmøtet.

§ 7 - STYRET

Styret har leiaransvaret for friluftsrådet mellom representantskapsmøta. Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades. Alle vedtak i styret vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom det vert like mange røyster for og imot, avgjer leiaren med dobbeltstemme. Leiaren avgjer når styret skal møtast. Styret kan også innkallast når eit fleirtal av styremedlemmane ønskjer det. Nestleiar tek over møteleiinga dersom leiari ikkje kan møte.

Arbeidsoppgåvene til styret er mellom anna:

1. Tilsette dagleg leiari og fastsette stillingsinstruks og løn for vedkomande, jf. § 8.
2. Fremje oppgåvene til friluftsrådet i samsvar med samarbeidsavtalen, handlings- og arbeidsplan og vedtak i representantskapsmøte.
3. Leie drifta i friluftsrådet og ha ansvar for økonomistyring i samsvar med vedtatt budsjett.
4. Å kunne gi fullmakter (økonomisk og juridisk).
5. Ha ansvar for at det vert ført rekneskap, og ført protokoll over alle møte og forhandlingar.
6. Sende referat frå representantskapsmøte og styremøter til alle deltakarkommunane, til fylkeskommunen og til Friluftsrådenes Landsforbund.
7. Førebu saker til representantskapsmøte jf. § 5 med framlegg til vedtak.

Styret kan velje eit arbeidsutval blant medlemmane, leiari og nestleiar inngår i arbeidsutvalet. Arbeidsutvalet kan førebu saker for styret og fatte vedtak etter delegering frå styret. Dette omfattar avgrensa oppgåver som t.d. lønnsutval, konkrete prosjekt og liknande. Arbeidsutvalet kan ikkje gjere bindande vedtak i andre saker enn dei styret på førehand gir fullmakt til.

Godtgjersle for styret følger «Reglement for reise- og kostgodtgjersle for styret og representantskapet i Sunnmøre friluftsråd». Godtgjerselsatsar er omtalt i § 5 pkt. 9.

§ 8 - DAGLEG LEIAR/ADMINISTRASJON

Dagleg leiari har resultatansvar mot styret, det overordna administrative ansvaret for den daglege drifta av friluftsrådet og personalansvaret for dei tilsette. Dagleg leiari skal gjennomføre arbeidsoppgåver, retningslinjer og pålegg gitt i styrevedtak. Oppgåver og ansvar skal gjennomførast på ein måte som er i samsvar med friluftsrådets formål gitt i § 3.

§ 9 - FAGLEG SAMARBEIDSFORUM

Styret kan be deltakarkommunane ved rådmann/kommunedirektør å oppnemne personar frå kommuneadministrasjonen til eit administrativt fagleg samarbeidsforum/eit fagråd for friluftsrådet. Medlemmane bør representere den eller dei etatar/einingar som arbeider med



friluftsliv i kvar kommune. Også andre friluftsorganisasjonar m.v. kan få tilbod om å møte. Dagleg leiari innkallar til møta i samarbeidsforsumet og leier møta. Forumet tek opp saker av praktisk og administrativ karakter, og er eit forum for samordning og erfarsutsveksling. Deltakarane kan hjelpe dagleg leiari med førebuing av saker for styret.

§ 10 - ØKONOMI

Friluftsrådet er eit eige rettssubjekt som fører eigen rekneskap.

Deltakarkommunane skal betale eit årleg tilskot (kontingent) til verksemda. Representantskapsmøtet avgjer eit årleg tilskot som ein sum pr. innbyggjar i kvar deltakarkommune, basert på folketalet frå Statistisk Sentralbyrå føregående år. Framlegg som inneber meir enn 2% reell auke i kontingenget frå deltakarkommunane krev 2/3 fleirtal på representantskapsmøtet. Friluftsrådet kan ikkje ta opp lån eller pantsette eigedom utan at dette er godkjent av deltakarkommunane på førehand.

§ 11 – ENDRINGAR I SAMARBEIDSAVTALEN

Endringar i samarbeidsavtalen kan berre gjerast på representantskapsmøte, eller ekstraordinært representantskapsmøte, og krev 2/3 fleirtal.

§ 12 - UTMELDING

Ein deltakarkommune kan melde seg ut av friluftsrådet etter skriftleg varsel og lovleg fatta vedtak i kommunen.

Utmeldinga blir først gyldig når kommunen har betalt deltakarkontingenget også for det året utmeldinga tek til å gjelde. Deltakarkommunar som går ut av samarbeidet tek over oppgåvane friluftsrådet har utført for kommunen. Eventuelle friluftsområde friluftsrådet eig i vedkommende kommune skal overførast til kommunen. Utover dette har ikkje kommunar som går ut av samarbeidet krav på eigedommar eller verdiar.

§ 13 - OPPLOYSING

Opploysing av friluftsrådet kan berre vedtakast på eit ordinært representantskapsmøte og med minst 2/3 fleirtal. Framlegg om opploysing må vere oppført på saklista som medlemmane må ha fått tilsendt minst 14 dagar før møtet. Blir opploysing vedtatt med minst 2/3 fleirtal, skal det haldast ekstraordinært representantskapsmøte 3 månader seinare, med opploysing på saklista. Dersom friluftsrådet blir opplyst skal alle omsettelege aktiva seljast. Saman med andre kontante midlar skal verdiane delast mellom deltakarkommunane, i samsvar med kontingenget frå kvar enkelt. Kvar kommune tek over oppgåvane friluftsrådet tidlegare har utført.

§ 14 - TOLKING AV SAMARBEIDSAVTALEN - VOLDGIFT

Dersom det oppstår tvist mellom samarbeidskommunar om tolking av avtalen, og det ikkje er råd å bli samde, skal tvisten avgjeraast ved voldgift etter Twistemålslova.

§ 15 - GYLDIG FRÅ

Samarbeidsavtalen vart gyldig frå det tidspunkt i 2020 at kommunestyra i deltakarkommunane fatta vedtak om at dei sluttar seg til avtalen. Nye kommunar som vedtek å melde seg inn i friluftsrådet etter 2020, aksepterer samtidig gjeldande samarbeidsavtale.

50 år med sprek utvikling

Kortfatta samandrag av historia fram til no

Inspirert av «Bergen og omland friluftsråd» kalla Fritjof Espeseth i Ålesund Øst Rotaryklubb inn til møte ved Teknisk skole i Ålesund i 1972 med mål om å danne eit lokalt friluftsråd.

17. september 1974 vart «Friluftsrådet for Ålesundregionen og Vestnes» offisielt landets sjette friluftsråd. Interimsstyre med representantar frå Ålesund, Vestnes, Giske, Haram, Stordal vart etablert med formann Peter Kjelsvik. Ålesund Parkvesen ved Albert Aarøe var sekretariat.

Konstituerande årsmøte var i mars 1978 med Ålesund, Vestnes, Giske, Skodje og Sula som medlemmar. Styreleiar var Jakob Kjersem.

Etter fleire namnendringar vart namnet i 2016 «Sunnmøre friluftsråd», eit interkommunalt råd som frå 2022 famnar alle kommunar på Sunnmøre. Vestnes har vore ein naturleg medlemskommune frå start.

Allereie i 1977 var Friluftsrådet for Nordre Sunnmøre og Vestnes arrangør av landskonferansen for friluftsråda på oppmoding frå Miljødepartementet. Friluftsrådet var frå start ein aktiv medspelar i Friluftsrådenes landsforbund (FL) og i Norsk friluftsliv (tidlegare FRIFO).

Årstal dei ulike kommunane vart medlemmar i friluftsrådet

1974: Ålesund, Vestnes, Giske, Haram, Stordal (interimsstyre)

1978: Ålesund, Vestnes, Giske, Skodje, Sula (konstituert styre)

1982: Ørskog

1986: Haram og Stordal

2003: Norddal

2017: Stranda

2018: Volda, Ørsta, Ulstein

2020: Sunnmøre friluftsråd vart kommunalt oppgåvefellesskap

2020: Sykkylven

2021: Herøy

2022: Hareid og Sande

Areal for friluftsliv

Statleg sikring av områder for friluftsliv var høgste prioriteten dei første åra friluftsrådet eksisterte. Når ei eldre dame i USA ville selje eit nedlagt småbruk på Svinøya, var det truleg med å sette fortgang i at friluftsrådet vart etablert. I 1975 vart bruket på 80-90 dekar kjøpt av staten for 150.000 kroner for å bli sikra friluftsområde. Plan for bruk og skjøtsel starta for alvor opp i 1978. På den tida vart gjort mykje pionerarbeid. Målet var å sikre område og begynne med tilrettelegging

1974-1994: Sikring av areal og tilrettelegging

Ålesund, Vestnes, Giske, Skodje og Sula kommune var med frå konstituerande årsmøte i 1978. Etter etablering vart Ørskog (1982), Haram og Stordal (1986) og Norddal (2003) medlemmar.

Fokus på planlegging, få med fleire medlemskommunar og sikre område for friluftsliv var hovudfokus i friluftsrådet sine første tjue år. Det vart gjort oppkjøp og avtalar på friluftsområde som Kråkvika, Skråvika, Mauren, Bjørnøya, Blimsanden, Langevågsholmane (Storholmen 1989), Eikrem, Vikholmen, Stafsethneset, Hundsvær, Gurinesbukta og Leirvågen.

Oppkjøpsprisen på Storholmane var 4-5 kroner per kvadrat og friluftsrådet fekk stor betydning for allmennheten.

Mange stadar vart det gjort tilrettelegging med brygger, rydding av stiar og toalett. Det var tett samarbeid med lag og foreiningar, mellom anna Rotaryklubbanne som sørga for slått med langov. Til gjengjeld ga friluftsrådet støtte til lag og foreiningar som bidrog til friluftslivstiltak.

Eit døme på kreativitet, var då friluftsrådet på 90-talet konstruerte og bygde Elvabytebrua innandørs vinterstid. Sommaren etter vart bruva frakta til Ørskog med helikopter, der den vart til glede for folk og fe. Folk frå friluftsrådet konstruerte og nye brygger.

Friluftsrådet lokalt var aktiv i Friluftsrådenes landsforbund (FL), der Per Sortehaug var styremedlem og styreleiar i mange år. FL sentralt og dei lokale friluftsråda hadde stor gjensidig nytte av kvarandre. Samhaldet gjorde at ein fekk større slagkraft i spørsmål rundt friluftsliv. Friluftsrådet vart med å påverke vern av natur og var rådgjevar i mange spørsmål knytt til friluftsliv både lokalt og sentralt.

Dagleg leiar frå gjesterom til kontor

Det vart etter kvart mykje papirarbeid knytt til friluftsrådet. I 1992 kunne rådet endeleg tilsette 27 år gamle Magnhild Vatne som første dagleg leiar i friluftsrådet. Vatne var med på ei stor endring.

Kontorarbeidet starta på Sortehaug sitt gjestesoverrom i Langevågen.

Gleda var stor når friluftsrådet i 1993 fekk eit 12 kvadratmeter stort kontor i Ratvika Ålesund.

Bygging av brygger, toalett og drive skjøtsel på friluftsområda var viktig på den tida. Nils L. Skjong var ein trufast driftsmedhjelpar og hadde i fleire år med seg Odd J. Hjellbakk.

1994-2004: Auka fokus på aktivitet

1994 vart eit merkeår, der Sunnmøre friluftsråd som første friluftsråd i landet tilsette ein person ansvarleg for å drive med aktivitet.

Friluftslivets år ga ein boost og pengar til formidling. Christer Lundberg Nes var tidlegare hyra inn for å drive sommarleirar og aktivitetar retta mot barn og tilsette i skule og barnehage. No fekk han fast løn frå for å utvikle aktivitetane vidare.

Aktivitetsleiaren skapte ein oppsving på fleire tilbod. Friluftsrådet starta òg med utlån av utstyr, til dømes lavvoar.

Vatne og Lundberg Nes delte kontoret i Ratvika i Ålesund. Dei satt på eit knøttlite kontor med ryggen mot kvarande og kvar si bikkje under bordet. Vi var dei



Geir Haugli var dagleg leiar frå 1999-2014.

einaste fast tilsette medan sommarhjelper hjelpte til i felt. Mykje arbeid måtte gjerast for at friluftsarbeidet skulle få betre fotfeste.

2004-2014: Drift og vedlikehald

Vatne ga seg etter sju år i friluftsrådet. I 1999 tok Geir Haugli over som dagleg leiar. Han sto ved roret i nesten 15 år. I denne tida var tilrettelegging av friluftsområda høgt vektlagt.

I Haugli sin periode vart det mellom anna bygd 13 toalett på friluftsområde i Ålesundsregionen Aktivitet, drift av område og tilretteleggingstiltak fekk stadig meir fokus.

Gunnar Tenfjord var den fyrste som vart tilsett i friluftsrådet som driftsmedarbeidar. Året var 2000 og Tenfjord heldt fram til 2014.

Frå 2014 vart Pål Henry Høyberg tilsett som driftsleiar, noko han framleis er.

Aktivitet og påverknad

Arbeidet med statleg sikra friluftsområde heldt fram.

Gjennom stor kurs- og møteverksemd var friluftsrådet med å påverke saker som gjeld friluftsliv i medlemskommunane lokalt. Samspelet med Friluftsrådenes landsforbund (FL) sentralt var tett, og samarbeidet Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal vart vidareutvikla i denne perioden. I 2011 vart Sunnmøre friluftsråd medlem av Forum for natur og friluftsliv (FNF) Møre og Romsdal.

Prosjekta Læring i friluft, Prøve på UNG, Naturlos og Basecamp Sunnmøre famna mange. I tillegg vart det halde kurs for lærarar gjennom Den kulturelle skolesekken. Mange deltok på TellTur og utstyrstilbodet vart utvida med 20 kajakkar.



Vebjørn Krogsæter var styreleiar i Sunnmøre friluftsråd frå 2014-20. I tillegg sat han i styret i landsforbundet 2018-23 (nestleiar 2020, styreleiar 2021-23).

2014-2024: Stor vekst og mangfold

I tiåret 2014 til 2024 vaks friluftsrådet raskt med breiare fagområde og fleire medlemskommunar. Stranda, Volda, Ørsta, Ulstein, Sykkylven, Herøy, Hareid og Sande kom med i friluftsrådet.

Vebjørn Krogsæter frå Haram vart styreleiar i 2014 og heldt fram i åtte år. Frå 2021 til 2023 var han i tillegg styreleiar for Friluftsrådenes landsforbund.

May Britt Haukås tok over som dagleg leiar for Sunnmøre friluftsråd i 2014. Hennar medie-erfaring kom godt med. Å nå ut med informasjon og tilbod om aktivitetar var viktig. Haukås hadde rekruttering av medlemskommunar og Stikk UT! som prioritert.

Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal dreiv Stikk UT! frå 2009 og i 2015 vart Sunnmøre med. Tal på deltakarar og registrerte turar skaut fort til vers. Frå 2022 var alle kommunane medlemmar i friluftsrådet og dermed med på Stikk UT!. StikkUT! er samla sett det største folkehelsetilbodet i Møre og Romsdal. Møre og Romsdal fylkeskommune, Sparebanken Møre og Wattn har vore viktige sponsorar.

«Naturmøteplassen», ein uformell treffstad med vertskap og kaffi, vart etablert fleire stadar frå 2016. I dag har 10 naturmøteplassar faste treffdagar med god hjelp frå lokale vertar.

Friluftsrådet overtok «Leikepatruljen» i skulane. Inger Bakke vart tilsett i 2017 og utvikla etter kvart friluftsrådet sitt eige prosjekt «Slå på ringen», der Gjensidigestiftelsen og Sparebanken Møre er hovudsponsorar. Bakke jobba òg fram nye tilbod til framandspråklege i prosjektet «Naturen som eg er ein del av» i samarbeid med vaksenopplæringa i medlemskommunane.

Tilbod om aktivitetar for unge vart stadig utvikla parallelt med kursing i kajakk og livberging for vaksne. Kom UT! vart for første gong arrangert haustferien 2017.

Marint fokus

Arbeid med marin forsøpling og skjergardstenesta vart på kort tid ein stor og viktig del av Sunnmøre friluftsråd sitt arbeid.

Etablering av Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal kravde eit omfattande forarbeid. I 2016-2018 vart det løyvd 15 millionar frå statsbudsjettet, noko som var viktig for satsinga framover. Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal er eit spleiseland mellom staten (Miljødirektoratet), fylkeskommunen og medlemskommunane til dei to friluftsråda i fylket. Torgeir Sund vart tilsett som leiar i 2018. Sunnmøre friluftsråd står for den daglege drifta av tenesta.

I 2018 gjekk skjergardstenesta til innkjøp av arbeids-



Skjærgårdstjenesten vart etablert i Møre og Romsdal i 2018. Her frå dåpen av arbeidsbåten «Rigmor». F.v. Otto Okstad (Miljødirektoratet) og Rigmor Eide (KrF-stortingsrepresentant frå Møre og Romsdal).

båten «Rigmor». Den er eit viktig verktøy i arbeidet med skjøtsel og utvikling av kystnære friluftsområde. Vidare har den stor betydning for arbeidet med marin forsøpling. I 2024 planlegg skjergardstenesta å kjøpe ein arbeidsbåt til for å utvide rekkevidda i tenesta.

Marin forsøpling vart ein stor post frå 2017. Ann Helen Hellevik var første fagleiar marin forsøpling frå 2018. Malin Therese Fiksdal tok over i 2022. Med midlar frå Miljødirektoratet og Handelens Miljøfond har det årleg vore arrangert omfattande ryddeaksjonar, der både frivillige og tilsette har vore med. Friluftsråda har saman med Runde Miljøsenter etablert Nettverk for marin forsøpling i Møre og Romsdal.

Et friluftsråd for alle kommunane

I samband med rekruttering av fleire kommunar endra friluftsrådet namn til Sunnmøre friluftsråd i 2016.

I 2021 overtok Eva Hove over som styreleiar etter Vebjørn Krogsæter. Anne Berit Støyva Emblem overtok stafettpinnen etter Haukås i 2020. Frå 2022 vart alle kommunane på Sunnmøre med.

Miljødirektoratet starta det nasjonale prosjekta

«Kartlegging og verdsetting av friluftsområde» og «Friluftslivets ferdsselsårer». I desse prosjekta har friluftsrådet hatt ei viktig rolle som igangsetjar og rådgjevar for kommunane på Sunnmøre.

Friluftsrådet er støttespelar for at kommunane skal etablere statleg sikra friluftsområde, skrive gode forvalningsplanar, bygge gode stiar og generelt legge til rette for friluftsliv.

Et levande friluftsråd i vekst

Medlemskontingenenten er i dag om lag 20 kroner per innbyggjar, samla 3,2 millionar kroner. Medlemskontingenenten utgjer 20 prosent av inntektene til friluftsrådet, medan 80 prosent er prosjektninntekter skaffa etter søknadar frå friluftsrådet. Ein kan såleis seie at kommunane får tilbake det femdobbelte av medlemskontingenenten ved å vere medlem.

Midlar frå Miljødirektoratet, Friluftsrådenes landsforbund og Møre og Romsdal fylkeskommune er viktige for å halde drifta til friluftsrådet i gang. I tillegg har friluftsrådet gjennom mange år hatt stor nytte av viktige sponsorar som Handelens Miljøfond, Sparebanken Møre, Wattn, Gjensidigestiftelsen og lokale sponsorar som til dømes Ørskog Sparebank.

Alt i alt kan aktivitetene i stor grad variere frå år til år, avhengig av kva prosjekt vi får midlar til. Grunnstammen til friluftsrådet vil uansett vere den same. Og sjølv om vårt praktiske senter er i Ålesund, både vil og skal vi famne alle medlemskommunar.

Friluftsrådet sine namnendringar gjennom 50 år

17. september 1974 vart «Friluftsrådet for Ålesundregionen og Vestnes» offisielt ein organisasjon og interimsstyret sett ned. Fire år seinare fekk organisasjonen namnet «Friluftsrådet for Nordre Sunnmøre og Vestnes», før geografiske grenser vart vissa vekk under «Ålesund og omland friluftsråd». I 2016 vart namnet «Sunnmøre friluftsråd», eit interkommunalt råd som frå 2022 har famna alle Sunnmørs-kommunar. Vestnes har vore med frå starten.

Styreleiarar i friluftsrådet

1974 – 1978:	Peter Kjelsvik
1978 – 1981:	Jakob Kjersem
1982 – 1986:	Eiulf Weiberg Olsen
1987 – 1994:	Per Sortehaug (+ i sentralstyret FL frå 1989 og mange år framover.)
1995:	Stein Ravnstad
1996 – 1999:	Arne Tunheim
2000 – 2006:	Ove Kaldhol
2007:	Lidvar Giskeødegård
2008 – 2010:	Torleiv Rogne
2011 – 2012:	Arne Birkeland
2013:	Odd Egil Valderhaug
2014 – 2020:	Vebjørn Krogsæter (+ i styret for FL 2018-2023, nestledar 2020, styreleiar 2021–23)
2021 – no:	Eva Hove (noverandre)

Dagleg leiarar i friluftsrådet

1974 – 1978:	Ingen dagleg leiar. Albert Aarøe i Ålesund Parkvesen sekretær første åra.
1978 – 1992:	Ingen dagleg leiar. Karl Petter Rødstøl sekretær i mange år, Harald Vågene nokre år.
1992 – 1999:	Magnhild Vatne, første dagleg leiar. Vikarar fødselspermisjonar: John-Ole Aarsæther (96-97) og Lars Gotaas (97-99).
1999 – 2014:	Geir Haugli
2014 – 2020:	May Britt Haukås
2020 – no:	Anne Berit Støyva Emblem